




DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 3

(2001-2002)

Statsrekneskapen medrekna
folketrygda for 2001





DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 3

(2001-2002)

Statsrekneskapen medrekna
folketrygda for 2001



Innhald

1	Hovudtrekk i finanspolitikken	5	5	Finanspostar og kapitalrekneskapen	28
1.1	Innleiing	5		Finansinntekter og finansutgifter .	28
1.2	Budsjettpolitikken	5	5.1	Statens balansekonto	28
1.3	Endring i løyvingane fram til nysaldert budsjett	9	5.2	Garantiar	28
1.4	Hovudtala i statsrekneskapen for 2001 samanlikna med anslag på rekneskap ved nysalderinga av budsjettet	10	5.3	Offentlege fond som vert forvalta av Finansdepartementet	28
1.5	Statens petroleumsverksemd	12	5.4		
2	Utval av inntekter og utgifter ..	13	6	Statens petroleumsfond	30
2.1	Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	13			
2.2	Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda	13	Vedlegg		
2.3	Inntekter frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda	13	1	Oversikt over statsrekneskapen 2001	36
2.4	Samla oversikt over utgiftene	13	2	Statens løyvingsrekneskap	50
3	Omtale av særskilte område ...	16		Løyvingsrekneskap utgifter	50
3.1	Kommunesektoren	16		Løyvingsrekneskap, inntekter	129
3.2	Helsevesenet	16		Fullmakt til å overskride gitte løyvingar i 2001	172
3.3	Eldreomsorga	18		Tilsegningsfullmakter	193
3.4	Forsking og utdanning	18		Tingingsfullmakter	197
3.5	Barn og unge	19	3	Statens kapitalrekneskap	199
3.6	Nærings- og distriktutviklinga	20		Eiendeler	199
3.7	Internasjonal solidaritet	21		Forpliktelsar	205
3.8	Statsbankane	22		Egenkapital	208
4	Folketrygda for 2001	24		Noter og spesifikasjonar	209
			4	Spesifikasjon av offentlege fond .	212
			5	Statens aksjeinteresser	213
				Statens inntektskrav	224
				Statens garantiansvar	226
				Andre rekneskap og spesifikasjonar	231
				Svalbardrekneskapen.....	231
				Statbedriftenes balansekonti.....	233

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Den strukturelle budsjettbalansen	6	Tabell 3.2	Utbetalingane til utviklingshjelp og overførde beløp for perioden 1990 – 2001	22
Tabell 1.2	Inntekter og utgifter utan lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond.....	8	Tabell 5.1	Renter	28
Tabell 1.3	Lånetransaksjonar og finansieringsbehov	8	Tabell 5.2	Statens eigneutar og gjeld	29
Tabell 1.4	Inntekter og utgifter utan lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond 2001.....	9	Tabell 5.3	Statens samla garantiansvar og garantiutbetalningar per 31.12.2001	29
Tabell 1.5	Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2001.....	10	Tabell 6.1	Balanse for Statens petroleumsfond	32
Tabell 2.1	Statens inntekter 1997 – 2001	14	Tabell 6.2	Resultatrekneskap for Statens petroleumsfond	33
Tabell 2.2	Samla utgifter etter departement 1997-2001	15	Tabell 6.3	Resultat sal av aksjar i Statoil mv.	34
Tabell 3.1	Programområde 3 : Internasjonal hjelp	21	Vedlegg 1		
			Tabell 1.1	Løyvingsrekneskapen for budsjett-terminen 2001	36
			Tabell 1.2	Løyvingar og rekneskap 2001	38

Tabell 1.3	Løyvingsrekneskapen for 2000-2001	40	Tabell 3.5	Note til kapitalrekneskapens konto 80, bevegelse i statsgjelda	211
Tabell 1.4	Oversikt over løyvingsrekneskapens hovedgrupper for 1997-2001	42	Tabell 3.6	Note til kapitalrekneskapens konto 80, spesifikasjon av kontolån til statskassa per 31. desember 2001	211
Tabell 1.5	Løyvingsrekneskapens totalutgifter og overførte løyvingar i 2001 fordelt på utgiftsgrupper	43	Tabell 3.7	Offentlege fond under Finansdepartementet si forvaltning konto 8, vinnings- og tapskonto per 31. desember 2001	212
Tabell 1.6	Løyvingane 2001 fordelt etter departement og grupper av postnummer	44	Tabell 3.8	Balansekonto offentlege fond per 31. desember 2001	212
Tabell 1.7	Rekneskap 2001 fordelt etter departement og grupper av postnummer	45	Tabell 3.9	Fonda sine inneståande i statskassa per 31. desember 2001	212
Tabell 1.8	Løyvingar og rekneskap 2001 fordelt etter art på programområde	46	Tabell 3.10	Oversikt over statens aksjeinteresser per 31. desember 2001	213
Tabell 1.9	Statens balansekonto	47	Tabell 3.11	Statens inntektskrav vedk. skattar, avgifter og refusjonskrav	224
Tabell 1.10	Note til Statens balansekonto, avslutningskonto for statsrekneskapen konto 99.00.00.	47	Vedlegg 4		
Tabell 1.11	Note til endringar i avslutningskonto 99.00.00, spesifikasjon av forskyvingar i balansen	48	Tabell 4.1	Garantiansvar	226
Vedlegg 2			Tabell 4.2	Garantier stillet av staten 31. desember 2001	227
Tabell 2.1	Statens løyvingsrekneskap, utgifter	50	Vedlegg 5		
Tabell 2.2	Statens løyvingsrekneskap, inntekter	129	Tabell 5.1	Svalbardrekneskapen. Administrasjon av Svalbard 2001	231
Tabell 2.3	Fullmakt til å overskride gitte løyvingar i 2001	172	Tabell 5.2	Svalbardrekneskapen. Balansekonto per 31. desember 2001	232
Tabell 2.4	Tilsegningsfullmakter per 31. desember 2001	193	Tabell 5.3	Svalbardrekneskapen. Note til balansekonto, behaldningsendringar 2001	232
Tabell 2.5	Tingingsfullmakter per 31. desember 2001	197	Tabell 5.4	Statsbygg. Balanse per 31. desember 2001	233
Vedlegg 3			Tabell 5.5	Statens kartverk. Balanse per 31. desember 2001	233
Tabell 3.1	Statens kapitalrekneskap	199	Tabell 5.6	Luffartsverket. Balanse per 31. desember 2001	234
Tabell 3.2	Note til kapitalrekneskapens konto 68, spesifikasjon Statens faste kapital i statsbedriftene	209	Tabell 5.7	Rikshospitalets apotek. Balanse per 31. desember 2001	234
Tabell 3.3	Note til kapitalrekneskapens konto 76, valutabytte	210	Tabell 5.8	Radiumhospitalets apotek. Balanse per 31. desember 2001 .	235
Tabell 3.4	Note til kapitalrekneskapens konto 76 og 80, utanlandsk statsgjeld per 31. desember 2001 gruppert etter valutaslag	210	Tabell 5.9	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten. Balanse per 31. desember 2001 .	235
			Tabell 5.10	Statens pensjonskasse - Forvaltningsbedrift. Balanse per 31. desember 2001	236

Oversikt over boksar

Boks 1.1	Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet	7
----------	---	---



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 3

(2001-2002)

Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2001

*Tilråding frå Finansdepartementet av 26. april 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudtrekk i finanspolitikken

1.1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2001.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 2001 var 758,4 mrd. kroner, medan utgiftene var på 516,8 mrd. kroner. Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsverksemda var på 243,2 mrd. kroner som vart overført til Statens petroleumsfond. Statsrekneskapen syner dermed eit oljekorrigert underskot på 1,6 mrd. kroner. Det vart i samband med nysalderinga av budsjettet for 2001 vedteke at 0,4 mrd. kroner av petroleumsinntektene skulle inntektsførast på statsbudsjettet. Statsrekneskapen vert dermed gjort opp med eit underskot på 1,2 mrd. kroner.

I denne meldinga vert det òg gjort greie for inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond. Forutan overføringa frå statsrekneskapen viser rekneskapen for fondet 17,2 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte. Det samla overskottet i Statens petroleumsfond vert dermed 260,1 mrd. kroner i 2001. Ved utgangen av 2001 var kapitalen i fondet 619,3 mrd. kroner.

Samla sett vert statsrekneskapen og Statens petroleumsfond gjort opp med eit overskot på 258,8 mrd. kroner.

Denne meldinga omfattar statsrekneskapen medrekna folketrygda, rekneskapen for Svalbard, statsgarantiar, tilsegns- og tingingsfullmakter, oppgåve over aksjar og informasjon om rekneskapa for dei offentlege fonda.

I meldinga vert det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførde tal. Det vert òg lagt vekt på å forklare årsakene til avvik mellom budsjett og rekneskap. Avvik mellom hovudtala i budsjett og rekneskap vert nærare kommentert i avsnitt 1.4. I kapittel 2 vert det gjeve ei oversikt over inntektene og utgiftene. I kapittel 3 er det gjeve nærare omtale av særskilde satsingsområde i 2001-budsjettet. I kapittel 4 er det gjort greie for utgiftene under folketrygda, medan finanspostar og kapitalrekneskapen er tema for kapittel 5. I kapittel 6 vert det gjort greie for rekneskapen til Statens petroleumsfond.

1.2 Budsjettpolitikken

Ved framlegget av statsbudsjettet for 2001 tok ein sikte på at budsjettet skulle verka om lag nøytralt på økonomien, vurdert ut frå endringa i det olje-, rente- og aktivitetskorrigerte budsjettunderskotet. Rekna i prosent av trend-BNP for Fastlands-Noreg vart det såleis lagt opp til at

dette underskotet skulle vera uendra frå 2000 til 2001.

I mars 2001 kom Regjeringa Stoltenberg med framlegg om nye retningslinjer for den økonomiske politikken. Retningslinjene fekk brei tilslutning i Stortinget. Etter dei nye retningslinjene skal budsjettpolitikken frå og med 2002 byggje på eit strukturelt underskot tilsvarende forventa avkasting på Statens petroleumfond.

Ein skal for 2002 og framover styra etter nivået på eit strukturelt underskot og ikkje ut frå endringa i eit olje-, rente- og aktivitetskorrigerert underskot. Ved utrekninga av det olje-, rente- og aktivitetskorrigererte underskotet vert overføringane frå Noregs Bank til staten og statens netto renteinntekter frå Noregs Bank og utlandet og haldne unna. Desse finansinntektene er likevel viktige for det samla nivået på inntektene til statskassa. For å kome fram til eit føremålstenleg mål for nivået på det strukturelle budsjettunderskotet, korrigerer ein ved berekninga av det strukturelle underskotet berre for forskjellen mellom det faktiske og det normale nivået på desse to storleikene. Det verka isolert sett til at nivået på det strukturelle underskotet for 2001 vart lågare enn nivået på det olje-, rente- og aktivitetskorrigererte underskotet, slik det tidlegare vart rekna ut. Ein kan såleis ikkje utan vidare samanlikna nivåtalet for det olje-, rente og aktivitetskorrigererte underskotet for 2001 gjeve i Nasjonalbudsjettet 2001 med det talet for det strukturelle budsjettunderskotet for 2001 som nå ligg føre. Endringa i det strukturelle underskotet frå eit år til det neste, vert likevel ikkje vesentleg ulikt endringa i det olje-, rente- og aktivitetskorrigererte underskotet. Det er gjort nærare greie for tenkinga bak utrekninga av det strukturelle underskotet i boks 1.1.

Det strukturelle overskotet kjem fram blant anna ved korrigeringer for særskilte rekneskapsforhold. I 2001 er det korrigerert for ekstraordinære inntekter frå sal av bankaksjar i Den norske Bank og

omlegginga av innbetalingsordninga for engangsavgift på bilar.

Nye utrekningar viser nå eit strukturelt underskot for 2001 på noko under 18 mrd. kroner. Dei tilsvarende tala for 2000 syner at det strukturelle underskotet er tilnærma uendra frå 2000 til 2001 rekna i prosent av trend-BNP for Fastlands-Noreg. Dette inneber at budsjettpolitikken for 2001 var om lag konjunkturneutral, i tråd med det ein la opp til då budsjettet for 2001 vart vedteke.

Forskjellen mellom nivået på det strukturelle underskotet for 2000 og 2001 gjeve i denne meldinga og dei tilsvarende tala for det olje-, rente og aktivitetskorrigererte budsjettunderskotet gjeve i Nasjonalbudsjettet for 2001, forklarast først og fremst av to forhold:

- Den nye reknemåten for korreksjonane for rente- og overføringar verka til å trekke det strukturelle underskotet ned med omlag 7,5 mrd. kroner begge åra samanlikna med det opphavlege talet for det olje-, rente- og aktivitetskorrigererte underskotet.
- Det oljekorrigererte underskotet er redusert med omlag 10 mrd. kroner begge åra samanlikna med tala i Nasjonalbudsjettet 2001 og nysaldert budsjett 2001. Nedjusteringa av det oljekorrigererte budsjettunderskotet skuldast særleg at inntektene vart høgare i begge åra. Rekneskapen for 2000 viste høgare inntekter enn ein rekna med i Nasjonalbudsjettet 2001. Dei nye tala vart kjende våren 2001 og vart omtalte i Revidert nasjonalbudsjett 2001.

Ein viser elles til at budsjettutviklinga gjennom 2001 er omtalt i St.prp. nr. 61 (2000-2001) Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet, St.meld. nr. 2 (2000-2001) Revidert nasjonalbudsjett 2001, St.prp. nr. 1 (2001-2002) Statsbudsjettet medregnet folketrygden 2002, St.meld. nr. 1 (2001-2002) Nasjonalbudsjettet 2002, St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001-2002) Om endring av St. prp.

Tabell 1.1 Den strukturelle budsjettbalansen (tal i mill. kroner)

	2000	2001
Oljekorrigerert overskot på statsbudsjettet	-7 943	-1 640
- Overføringar til Noregs Bank ut over berekna trendnivå	5 834	6 012
- Netto renteinntekter frå Noregs Bank og utlandet ut over berekna trendnivå	-763	1470
- Særskilte rekneskapsforhold ¹⁾	-6 712	2 586
- Aktivitetskorrigeringer	9 420	6 105
= Strukturelt budsjettoverskot	-15 722	-17 814
Målt i prosent av trend-BNP for Fastlands-Noreg	-1,5	-1,6
Endring frå året før i prosentpoeng		-0,1

¹⁾ I 2001 er det korrigerert for sal av bankaksjar og omlegging av engangsavgift på bilar.

Boks 1.1 Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerede budsjettunderskotet

Dei nye retningslinjene for budsjettpolitikken tek sikte på ein gradvis og langsiktig forsvarleg auke i bruken av petroleumsinntekter i norsk økonomi. Frå og med 2002 skal ein tilpasse bruken av oljeinntekter slik at det strukturelle budsjettunderskotet er like med forventa avkastning på Statens petroleumsfond. Ein viktig grunn til å knyta auken i bruken av oljeinntekter til utviklinga i det strukturelle budsjettunderskotet og ikkje til utviklinga i det (faktiske) oljekorrigerede budsjettunderskotet, er å unngå ein budsjettpolitikk som verkar til å gjere den økonomiske utviklinga ustabil. Det faktiske budsjettoverskotet avheng ikkje berre av budsjettpolitikken, men òg av konjunktursituasjonen og einskilde meir tilfeldige forhold. Til dømes vil det oljekorrigerede budsjettunderskotet normalt auka ved eit konjunkturtilbakeslag, mens det vil falla i ein konjunkturoppgang. Dersom ein skulle ta sikte på å la det faktiske budsjettoverskotet følgje utviklinga i avkastninga av Petroleumsfondet, måtte ein stramme til politikken i ei nedgangstid, mens ein kunne senke skattene eller auke utgiftene ekstra i ei oppgangstid. Ein slik politikk ville bidra til å forsterka svingingane i økonomien i staden for å dempe dei. Ved å bruke budsjettpolitikken til å styre utviklinga i det strukturelle budsjettunderskotet sørgjer ein for at dei såkalla automatiske stabilisatorane får verke.

Dei automatiske stabilisatorane fekk også verke ved det opplegget av budsjettpolitikken som gjaldt for 2001, der ein styrte ut frå eit ønskje om eit nøytralt budsjett målt ved endringa i det olje-, rente- og aktivitetskorrigerede budsjettunderskotet. Sidan ein for 2002 og framover skal styra etter nivået på underskotet og ikkje ut frå endringa i det, kunne ein likevel ikkje utan vidare bruke det olje-, rente- og aktivitetskorrigerede underskotet som strukturelt mål på

underskotet. Det skuldast fremst at ein ved utrekninga av dette underskotet heldt overføringane frå Noregs Bank til staten og statens netto renteinntekter frå Noregs Bank og utlandet utanom, sjølv om disse storleikene ikkje er like med null over tid. For å komme frå det oljekorrigerede til det strukturelle budsjettunderskotet gjør ein no følgjande korreksjonar:

- For å reinse den oljekorrigerede budsjettbalansen for verknaden av at konjunkturane skil seg frå det normale, reknar ein budsjettverknadene av at skattegrunnlaga ikkje er like med sine trendnivå. Vidare tek ein omsyn til at utlegga til trygd til arbeidslause avheng av konjunktursituasjoner.
- Overføringane frå Noregs Bank og statens netto renteinntekter frå Noregs Bank og utlandet kan variera mykje frå eit år til eit anna utan at dette har noko motstykke i svingingar i aktivitetsnivået i Noreg. Ved utrekning av den strukturelle budsjettbalansen korrigerer ein derfor for forskjellen mellom normalnivåa for desse storleikene og dei verkelege overførings- og rentestraumane.
- Ein korrigerer også for endringar i rekneskapstilhøve og i funksjonsdelinga mellom staten og kommunane som ikkje påverkar aktiviteten i økonomien.

Også mange andre land nyttar utviklinga i ein strukturell budsjettbalanse som utgangspunkt for vurderingar av innrettinga av budsjettpolitikken. I tråd med dette offentliggjør OECD og EU standardiserte utrekningar av medlemslandas strukturelle budsjettunderskot. Desse utrekningane er meir summariske enn dei tala for Noreg som Finansdepartementet publiserer i budsjett-dokumenta. Det metodiske grunnlaget er likevel svært likt det ein nyttar ved dei norske utrekningane.

nr. 1 om statsbudsjettet medregnet folketrygden 2002 og St.prp. nr. 32 (2001-2002) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 2001.

Tabell 1.2 og 1.3 viser hovedtala i dei formelle rekneskapa for 2000 og 2001.

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens petroleumsfond auka med 94,5 mrd. kroner frå 2000 til 2001. Endringa i overskotet kjem fram slik:

- Overskotet i statsbudsjettet utan petroleum vart redusert med 6,3 mrd. kroner.
- Netto kontantstrøm frå petroleumsverksemda auka med 81,9 mrd. kroner.
- Statens petroleumsfond sine renteinntekter og utbyte auka med 6,3 mrd. kroner.

Tabell 1.2 Inntekter og utgifter utan lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond (tal i mill. kroner)

	2000	2001	Pst. vekst
1. Statsbudsjettet			
A Inntekter i alt	643 649	758 440	17,8
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	184 623	268 902	45,6
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	459 026	489 538	6,6
B Utgifter i alt	490 219	516 845	5,4
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	23 250	25 666	10,4
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	466 969	491 178	5,2
<i>Statsbudsjettet sitt oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)</i>	<i>-7 943</i>	<i>-1 640</i>	<i>-79,3</i>
+ Overført frå Statens petroleumsfond	9 468	409	-95,7
= <i>Statsbudsjettet sitt overskot før lånetransaksjonar</i>	<i>1 525</i>	<i>-1 231</i>	<i>-180,7</i>
2. Statens petroleumsfond			
Statsbudsjettet sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda (A.1-B.1), vert overført til Statens petroleumsfond	161 373	243 236	50,7
- Overført til statsbudsjettet	9 468	409	-95,7
+ Renteinntekter og utbytte i fondet	10 920	17 229	57,8
= <i>Overskot i Statens petroleumsfond</i>	<i>162 825</i>	<i>260 055</i>	<i>59,7</i>
3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla			
<i>Overskot</i>	<i>164 350</i>	<i>258 824</i>	<i>57,5</i>

Tabell 1.3 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov (tal i mill. kroner)

	2000	2001
Lånetransaksjonar utan petroleumsverksemda		
Utlån, aksjeteikning mv.	52 954	80 739
- Tilbakebetalingar	51 024	62 474
- Statsbudsjettet sitt overskot	1 525	-1 231
= <i>Netto finansieringsbehov</i>	<i>405</i>	<i>19 496</i>
+ Gjeldsavdrag	3 761	43 139
= <i>Statsbudsjettet sitt brutto finansieringsbehov</i>	<i>4 166</i>	<i>62 635</i>
Nettofinanstransaksjonar knytta til petroleumsverksemda		
Sal av aksjer i Statoil ASA	0	28 250
- Utlån, aksjeteikning mv.	0	14 060
= <i>Netto finanstransaksjonar knytta til petroleumsverksemda vert overført til Statens petroleumsfond</i>	<i>0</i>	<i>14 191</i>

1.3 Endring i løyvingane fram til nysaldert budsjett

Tabell 1.4 gjev eit samla oversyn over inntektene, utgiftene og overskotet på statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens petroleumsfond for 2001, medan tabell 1.5 viser utviklinga i finansieringsbehovet til statskassa.

I 2001 har inntektsløyvingane utan lånetransaksjonar auka med 77,9 mrd. kroner, frå 679,4 mrd. kroner i saldert budsjett til 757,3 mrd. kroner i nysaldert budsjett. Utgiftsløyvingane utan lånetransaksjonar auka med 13,1 mrd. kroner, frå 502,4 mrd. kroner i saldert budsjett til 515,5 mrd. kroner ved nysalderinga av budsjettet.

Nysaldert budsjett viste eit oljekorrigert underskot som var 11,5 mrd. kroner lågare enn i det budsjettet som opphavelog vart vedteke. Inntektene vart samla sett med 14,8 mrd. kroner høgare utan inntekter frå petroleumsverksemda og lån. Av dette var 15,1 mrd. kroner høgare skatte- og avgiftsinntekter, medan renteinntektene og utbyte sidan saldert budsjett auka med 0,6 mrd. kroner.

Resterande inntekter vart redusert med 0,9 mrd. kroner netto. Nysaldert budsjett viste auka utgiftsløyvingar på netto 3,2 mrd. kroner (utan utgifter til petroleumsverksemda og lånetransaksjonar) frå saldert budsjett. Av dei auka utgiftene kjem 2,5 mrd. kroner av at ein del av dei løyvingane som vart endra i samband med Revidert nasjonalbudsjett ikkje vart dekte inn. Det gjeld kompensasjon til kommuneforvaltinga for avsetninger til etterlatne og barnepensjonar, feriepenger/arbeidsgjevaravgift ved overgang til nettobudsjettering ved universiteta, seinare betaling for arbeidsmarknads-tiltak og oppgjør av skattefordelingstvist mellom einstilte kommunar, Norsk Hydro og staten.

Oljeinntektene auka med 63,1 mrd. kroner og oljeutgiftene med 9,9 mrd. kroner, slik at netto inntekter frå oljeverksemda vart 53,2 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett. Auka kan i stor grad forklarast med ein i nysaldert budsjett la til grunn ein gjennomsnittleg oljepris for 2001 på 220 kroner per fat, som var 40 kroner høgare enn i saldert budsjett. Overføringar frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet vart redusert med 11,5 mrd. kro-

Tabell 1.4 Inntekter og utgifter utan lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond 2001 (tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Anslag på rekneskap etter nysaldering	Rekneskap
1. Statsbudsjettet				
A Inntekter i alt	679 431	757 347	757 347	758 440
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	206 000	269 150	269 150	268 902
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	473 431	488 198	488 198	489 538
B Utgifter i alt	502 409	515 457	515 557	516 845
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	17 020	26 950	26 950	25 666
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	485 389	488 507	488 607	491 178
Statsbudsjettet sitt oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)	-11 958	-309	-409	-1 640
+ Overført frå Statens petroleumsfond	11 958	409	409	409
= Statsbudsjettet sitt overskot før lånetransaksjonar	0	100	0	-1 231
2. Statens petroleumsfond				
Statsbudsjettet sin netto kontantstrøm frå petroleumsverksemd (A.1-B.1), vert overført til Statens petroleumsfond	188 980	242 199	242 199	243 236
- Overført til statsbudsjettet	11 958	409	409	409
+ Renteinntekter og utbyte i fondet	15 200	18 400	18 400	17 229
= Overskot i Statens petroleumsfond	192 222	260 190	260 190	260 055
3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla				
Overskot	192 222	260 290	260 190	258 824

Tabell 1.5 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2001 (tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Anslag på rek- neskap etter nysaldering	Rekneskap
<i>Lånetransaksjonar utan petroleumsverksemda</i>				
Utlån, aksjeteikning mv.	73 023	84 218	84 218	80 739
- Tilbakebetalingar	56 391	66 857	66 857	62 474
- Statsbudsjettet sitt overskot	0	100	0	-1 231
= Netto finansieringsbehov	16 632	17 261	17 361	19 496
+ Gjeldsavdrag	44 415	42 915	42 915	43 139
= Statsbudsjettet sitt brutto finansieringsbehov	61 047	60 176	60 276	62 635
<i>Nettofinanstransaksjonar knytta til petroleumsverksemda</i>				
Sal av aksjer i Statoil ASA	0	28 250	28 250	28 250
- Utlån, aksjeteikning mv.	0	14 060	14 060	14 060
= Netto finanstransaksjonar knytta til petroleums- verksemda vert overført til Statens petroleumsfond	0	14 191	14 191	14 191

ner. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens petroleumsfond vart auka med 3,2 mrd. kroner. Samla sett innebar dette ei betring i balansen for Petroleumsfondet på 68,0 mrd. kroner.

I 2000 vart det løyva midlar til kjøp av pasientbehandling i utlandet. I anslaget på rekneskap i nysaldert budsjett for 2001 la ein til grunn at desse utgiftene ville bli brukte i seinare år. Anslag på rekneskap frå nysaldert budsjett hadde derfor 0,1 mrd. kroner høgare utgifter enn nysaldert budsjett. I løyvinga for overføring frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet ved nysalderinga av statsbudsjettet vart det teke omsyn til denne meirutgifta ved at overføringa frå fondet til statsbudsjettet vart auka med 0,1 mrd. kroner. Nysaldert budsjett vart derfor gjort opp med eit overskot på 0,1 mrd. kroner.

Ei samla oversikt over dei endra løyvingene gjennom 2001 er gjeve i St.prp. nr. 32 (2001-2002) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 2001 og Innst.S.nr.73 (2001-2002) Innstilling fra finanskomiteén om ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 2001.

1.4 Hovudtala i statsrekneskapen for 2001 samanlikna med anslag på rekneskap ved nysalderinga av budsjettet

I statsrekneskapen for 2001 er oljekorrigert underskot 1,2 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn ved nysalderinga. Tilbakeføringa frå Statens petroleumsfond til statskassa vart endeleg fastlagd i nysaldert budsjett slik at det skulle dekkje det olje-

korrigerte underskotet som ein då rekna med. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 2001 gjort opp med eit underskot på 1,2 mrd. kroner som førde til avviket i det oljekorrigerte underskotet mellom anslag på rekneskap i nysalderinga og rekneskapen.

På inntektssida er skatte- og avgiftsinntektene reduserte med 2,1 mrd. kroner. I tillegg viser rekneskapen meirinntekter på 1,4 mrd. kroner utan petroleumsinntekter, skattar, avgifter, renter og aksjeutbyte. Ein har då ikkje rekna inn refusjonar for auka driftsutgifter i rekneskapen som gjev meirinntekter på 2,0 mrd. kroner samanlikna med budsjettet. Dette gjeld refusjonar av utgifter til arbeidsmarknadstiltak, fødselspengar/adopsjonspengar, lærlingar og sjukepengar til statlege verksemdar som ikkje er tekne med i løyvingane i budsjettet. I tillegg vert det overført midlar frå dei enkelte fagdepartementa til fylkesmannsembeta. Også desse meirinntektene motsvarast av auka utgifter av same storleik. Desse meirinntektene betyr derfor ikkje at budsjettbalansen vart styrka.

Utgiftene utan petroleumsutgifter vart auka med 0,6 mrd. kroner når ein held borte utgiftene som vert dekt av refusjonar til etatane. Renteutgiftene vart 1,0 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn ved nysalderinga av budsjettet. Dei auka renteutgiftene forklarast i stor grad med uforutsette endringer i kontolån og fond. I tillegg auka renteutgiftene som følgje av ei meiroplåning i statskassevekslar. Andre utgifter vart redusert med 0,4 mrd. kroner. Dei lågare utgiftene må sjåast på bakgrunn av høgare overførte løy-

vingar til 2002 i forhold til overførte løyvingar frå 2000.

Rekneskapen for 2001 viser eit lånebehov på 62,6 mrd. kroner, som er 2,4 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn ved nysaldering av budsjettet.

Auka inntekter

Tabellen viser samla meirinntekter utan lånetransaksjonar og petroleumsinntekter i forhold til nysaldert budsjett. Hovudkomponentane er (tal i mill. kroner):

Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	-2 060
+ Renter og aksjeutbyte	-5
+ Andre inntekter	1 444
= Inntektsendring før refusjonar	-621
+ Refusjonar som gjev meirinntekter	1 961
= <i>Samla meirinntekter</i>	<i>1 340</i>

Inntektene under departementa utan meirinntekter som skuldast refusjonar, vart samla sett 0,6 mrd. kroner lågare enn budsjettet i nysaldert budsjett på grunn av lågare skatte- og avgiftsinntekter. Den reelle auken i inntekter utan skattar og avgifter, er på 1,4 mrd. kroner. Rekneskapen viser ofte ei meirinntekt for departementa. Mellom anna vart inntektene under Statens vegvesen, Jernbaneverket og politi- og lensmannsetaten høgare enn budsjettet for 2001. Nokre departement har óg høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Elles omfattar meirinntektene under departementa mindre beløp for ei rekke gebyr, refusjonar, sals- og leigeinntekter mm.

Auka utgifter

Tabellen viser endringer i utgiftene utan lånetransaksjonar og petroleumsutgifter i forhold til nysaldert budsjett 2001. Hovudkomponentane er (tal i mill. kroner):

Renteutgifter	1 046
+ Auka overføring til kommande budsjettår ¹⁾	-832
+ Reelt meirforbruk	396
= Utgiftsendringer utan utgifter som refunderast	611
+ Refundererte utgifter	1 961
= <i>Samla utgiftsendringer</i>	<i>2 572</i>

¹⁾ Det er teke omsyn til 250 mill. kroner i redusert overført beløp til pasientbehandling i utlandet.

Når ein ser bort frå utgifter som refunderast, viser rekneskapen 0,6 mrd. kroner høgare utgifter enn lagt til grunn ved nysaldert budsjett. Fleire forhold verkar til høgare utgifter enn budsjettet. Renteutgiftene auka med 1,0 mrd. kroner frå nysaldert budsjett. Det var eit reelt meirforbruk på 0,4 mrd. kroner. Eit reelt meirforbruk under enkelte kapitlar verkar til høgare utgiftsnivå i 2001. Det gjeld mellom anna driftsutgiftene under politi- og lensmannsetaten, utgiftene under Jernbaneverket og utgiftene til Statens vegvesen. Utgiftene til Statens pensjonskasse, driftstilskot til barnehagar og pristilskot i jordbruksavtalen vart isolert sett lågare enn budsjettet. Overføringa til 2002 vart 0,8 mrd. kroner høgare enn overføringa frå 2000. Det er då teke omsyn til 250 mill. kroner i redusert overført beløp til pasientbehandling i utlandet fra 2000 til 2001.

Når ein rekner med refunderte utgifter viser rekneskapen meirutgifter i forhold til anslag på rekneskap i nysaldert budsjett på netto 2,6 mrd. kroner utan lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd.

Auken i overført beløp utan lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd, var samla på 0,8 mrd. kroner. Auken i det overførte beløpet for Forsvaret var høgast med 0,8 mrd. kroner. Overført beløp til 2001 er då redusert med 250 mill. kroner for pasientbehandling i utlandet ut frå fullmakt frå Stortinget.

Dei siste fem åra har overføring av unytta løyvingar (utan lånetransaksjonar) vore (tal i mill. kroner):

	Overført løyving	Auke/Nedgang (-)
1997-1998	9 808	-1 641
1998-1999	7 334	-2 474
1999-2000	7 051	-283
2000-2001	8 425	1 374
2001-2002	9 256	832

Redusert finansieringsbehov

Utgiftene til utlån vart 3,5 mrd. kroner lågare enn rekna med ved nysalderinga. Endringa i lånetransaksjonar framkjem slik (tal i mill. kroner):

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	- 4 095
Den norske stats Husbank	393
Statens lånekasse for utdanning	221
Andre utlån	2
<i>Samla endring i utlåna</i>	<i>- 3 479</i>

I 2001 vart inntektene frå tilbakebetalingar 4,4 mrd. kroner lågare enn budsjettert. Dette kjem av endra tilbakebetalingar frå:

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	-4 386
Statens lånekasse for utdanning	-39
Jernbaneverket	30
Andre låntakarar	12
<i>Samla endring i tilbakebetalingane</i>	<i>-4 383</i>

Ved at netto utlån vart 0,9 mrd. kroner høgare enn budsjettert og at rekneskapen viser eit underskot på 1,2 mrd. kroner, vart statsbudsjettet sitt netto finansieringsbehov 2,1 mrd. kroner høgare enn ein rekna med ved nysalderinga av budsjettet.

Auka innbetaling av avdrag på innanlandsk statsgjeld med 0,2 mrd. kroner gjorde at brutto finansieringsbehov vart auka med til saman 2,4 mrd. kroner i høve til anslag på rekneskap i det nysalderte budsjettet.

1.5 Statens petroleumsverksemd

Netto inntekter av statleg petroleumsverksemd avviker slik frå nysaldert budsjett (tal i mill. kroner):

Oljeskattar og CO2-avgift	6
+ Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	-254
- Investeringar i statleg petroleumsverksemd m.m.	- 1 284
<i>= Netto oljeinntekter i alt</i>	<i>1 036</i>

Netto oljeinntekter frå statleg petroleumsverksemd vart 1,0 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Inntektene i statleg petroleumsverksemd vart 0,3 mrd. kroner lågare medan investeringsutgiftene vart 1,3 mrd. kroner lågare.

Netto oljeinntekter er rekneskapsført med 1 036 mill. kroner meir enn forutsett i nysaldert budsjett. Ved at netto kontantstraumen vert overført til Statens petroleumsfond, er brutto overføring til fondet auka med same beløp, til 243 236 mill. kroner. Overføringa frå fondet til statskassa er slik det var budsjettert, noko som inneber at netto overføring til Statens petroleumsfond er 1 036 mill. kroner høgare i rekneskapen enn i det nysalderte budsjettet.

2 Utval av inntekter og utgifter

2.1 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2001 viser at skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 429,6 mrd. kroner samla. Det er om lag 13 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett for 2001, og drygt 2 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett for 2001.

Tabell 2.1 viser at dei samla skatte- og avgiftsinntektene i statsrekneskapen auka frå 406,7 mrd. kroner i 2000 til 429,6 mrd. kroner i 2001, ein auke på 22,9 mrd. kroner eller 5,6 pst. nominelt. Auken i dei samla skatte- og avgiftsinntektene var lågare enn frå 1999 til 2000 (7,1 pst.), og lågare enn i perioden 1996-2000, då skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg steig med 8 pst. i årleg gjennomsnitt.

Skatt på inntekt og formue utgjorde 104,4 mrd. kroner i 2001, ein auke på 6,3 pst. nominelt frå året før. Frå 2000 til 2001 vart dei kommunale og fylkeskommunale skattørene auka monaleg, med ein motsvarande reduksjon i satsen for fellesskatt frå 10,35 pst. i 2000 til 8,90 pst. i 2001. Dette har medverka til mindre auke i skatteinntektene til staten.

Skattar og avgifter til folketrygda, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift utgjorde tilsaman 128,4 mrd. kroner i 2001. Det svarar til ein auke på 5,2 pst. nominelt frå året før.

Inntektene frå meirverdi- og investeringsavgifta er av dei viktigaste inntektskjeldene til staten og steig med 7,1 pst. nominelt frå 2000 til 2001 til 130,3 mrd. kroner.

Andre særavgifter og tollinntekter utgjorde til saman 66,5 mrd. kroner i 2001, som svarar til ein auke på 2,7 pst. nominelt frå 2000.

2.2 Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda

Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda i 2001, utan CO₂-avgifta, vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 109 200 mill. kroner. Rekneskapstalet for 2001 er 109 244 mill. kroner.

Rekneskapstala for betalte direkte skattar vart 180 mill. kroner høgare enn ein venta i nysalderingsproposisjonen. Meirinntekten skuldast innbetalingar utan terminskatt og restskatt.

Betalt produksjonsavgift vart 118 mill. kroner lågare enn ein venta. Avviket skuldast at både produksjon og prisar vart noko lågare i andre halvår enn lagt til grunn i nysalderingsproposisjonen. Betalt arealavgift vart 17 mill. kroner lågare enn ein venta i nysalderingsproposisjonen.

Inntektene frå avgift på utslepp av CO₂ i petroleumsverksemda var i nysalderingsproposisjonen rekna til 2 900 mill. kroner, medan rekneskapstalet for 2001 er 2 862 mill. kroner.

2.3 Inntekter frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda

Inntektene frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda (SDØE) er i det alt vesentlege driftsinntekter med frådrag for driftsutgifter og investeringsutgifter, og vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 151 303 mill. kroner. Rekneskapstalet for 2001 er 151 049 mill. kroner, jf. tabell 6.2.

2.4 Samla oversikt over utgiftene

Sjå tabell 2.2.

Tabell 2.1 Statens inntekter 1997 – 2001 (tal i mill. kroner)

	Rekneskap				Saldert	Nysald.	Rekneskap
	1997	1998	1999	2000	budsjett	budsjett	2001
Skattar på formue og inntekt	66 777	81 158	88 667	98 144	94 242	106 820	104 358
Arbeidsgivaravgift og trygdeavgift	98 192	107 297	115 603	122 006	127 060	129 200	128 374
Tollinntekter	2 437	2 589	2 409	2 029	2 380	1 748	1 784
Meirverdiavgift og avgift på investeringar	102 902	110 615	114 076	121 710	126 271	129 100	130 306
Avgifter på alkohol	7 405	7 687	8 635	8 711	8 806	8 520	8 491
Avgifter på tobakk	5 988	6 558	6 644	6 914	7 775	7 200	7 110
Avgifter på motorvogner	29 350	30 963	28 914	30 513	30 904	30 236	30 289
Andre avgifter	11 934	10 538	14 760	16 638	19 100	18 801	18 853
Sum skattar og avgifter	324 985	357 405	379 709	406 666	416 541	431 625	429 565
Renter av statens forretningsdrift	170	171	203	91	151	151	94
Avskrivningar, avsettingar til investeringsformål og inntekter av statens forretningsdrift	2 689	3 337	5 166	3 550	2 732	2 776	2 772
Sum inntekter av statens forretningsdrift	2 859	3 508	5 370	3 641	2 883	2 927	2 865
Renter frå statsbankane	9 419	7 946	10 771	10 258	11 886	11 676	11 579
Renter av statskassa sin kontantbeholdning og andre krav	5 683	4 118	3 176	4 369	6 110	6 368	6 435
Utbyte utan Statoil	4 197	3 303	3 986	3 603	3 977	4 492	4 560
Renteinntekter og utbyte utan statens forretningsdrift og Statoil	19 299	15 367	17 933	18 230	21 973	22 536	22 574
Inntekter under departementa	18 011	18 205	17 567	19 623	17 065	16 108	19 499
Overføring frå Noregs Bank	4 236	3 811	3 401	10 685	10 685	10 685	10 685
Tilbakeføring av midlar frå Statens banksikringsfond	975	382	140	182	4 285	4 316	4 350
Sum andre inntekter	23 222	22 398	21 108	30 490	32 035	31 110	34 534
Sum inntekter ekskl. oljeskattar, petroleumsverksemd og tilbakebetalingar	370 365	398 678	424 120	459 027	473 431	488 197	489 538
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	23 326	42 109	56 718	121 466	104 700	151 303	151 049
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	44 898	27 600	18 736	61 455	97 300	112 100	112 106
Aksjeutbyte frå Statoil	1 600	2 940	135	1 702	4 000	5 747	5 746
Sum petroleumsinntekter	69 824	72 649	75 589	184 623	206 000	269 150	268 902
Tilbakebetalingar	46 131	43 119	54 709	51 024	56 391	95 108	90 725
Overføring frå Statens petroleumsfond	22 789	17 059	18 494	9 468	11 958	409	409
Sum inntekter	509 109	531 505	572 911	704 141	747 780	852 864	849 574

Tabell 2.2 Samla utgifter etter departement 1997 – 2001 (tal i mill. kroner)

Departement	Rekneskap				Saldert Nysald.		Rekneskap
	1997	1998	1999	2000	budsjett	budsjett	
Det kongelege hus og Slottsforvaltninga	60	79	80	129	94	96	138
Regjering m.m.	108	109	118	143	155	182	180
Stortinget og underliggjande institusjonar	670	701	806	759	819	820	848
Høgsterett	42	44	45	47	46	48	48
Utanriksdepartementet	11 545	12 778	12 723	13 367	14 938	15 166	14 847
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	22 366	22 753	27 455	26 913	28 304	32 209	32 794
Kulturdepartementet	3 027	3 248	3 518	3 574	3 772	3 857	3 907
Justis- og politidepartementet	9 310	9 793	10 724	11 381	10 747	11 324	11 791
Kommunal- og regionaldepartementet	58 551	53 543	57 110	63 459	63 041	65 452	65 197
Sosial- og helsedepartementet	19 229	24 651	27 941	29 877	31 983	32 998	33 219
Barne- og familiedepartementet	17 825	18 714	20 288	20 779	23 409	23 537	23 498
Nærings- og handelsdepartementet	5 010	5 468	3 963	4 541	6 301	5 688	5 675
Fiskeridepartementet	1 871	1 948	2 031	2 208	2 214	2 280	2 377
Landbruksdepartementet	13 781	14 217	14 419	16 487	14 312	14 547	14 019
Samferdsledepartementet	21 919	24 341	17 951	24 764	16 977	19 986	20 848
Miljøverndepartementet	2 817	2 511	2 657	2 654	2 572	2 778	2 730
Arbeids- og administrasjondep.	7 199	16 114	20 503	21 082	17 461	21 028	21 487
Finansdepartementet	49 304	69 116	44 955	25 217	67 850	66 789	68 264
Forsvarsdepartementet	25 443	25 536	26 138	25 818	27 125	27 375	26 842
Olje- og energidepartementet	1 584	1 200	5 616	1 157	1 318	22 372	22 503
Ymse utgifter	29	20	24	25	8 261	50	29
Statsbankane	52 457	53 796	61 632	51 883	74 537	72 105	68 529
Statleg petroleumsverksemd	-16 983	27 609	31 062	23 300	17 070	27 020	25 736
Statens forretningsdrift	2 754	2 638	3 944	2 014	1 659	1 621	1 634
Statens petroleumsfond	86 808	45 041	44 627	161 373	188 980	256 390	257 426
Sum statsbudsjettet	396 726	435 968	440 330	532 950	623 945	725 718	724 566
Folketrygda	139 359	150 848	162 289	175 357	184 882	187 322	187 642
Utgifter i alt	536 085	586 816	602 619	708 307	808 827	913 040	912 208

3 Omtale av særskilte område

3.1 Kommunesektoren

Kommunesektoren sine inntekter kjem i hovudsak frå gebyrinntekter (brukarbetaling), renteinntekter, skatteinntekter og overføringar frå staten. I 2001 utgjorde desse inntektstypene følgjande prosentdelar (nominelt) av dei samla inntektene til kommunesektoren:

- Gebyrinntekter om lag 14 pst.
- Renteinntekter om lag 3 pst.
- Skatteinntekter om lag 43 pst.
- Overføringar frå staten om lag 40 pst.

Dei samla inntektene til kommunesektoren utgjorde om lag 250 mrd. kroner i 2001, mot om lag 230 mrd. kroner i 2000. Dette er ein auke på 8,7 pst. nominelt.

Kommunesektoren sine gebyrinntekter, renteinntekter og skatteinntekter kjem ikkje fram i statsrekneskapen. Overføringar frå staten til kommunar og fylkeskommunar vert førte i statsrekneskapen som utgifter. I 2001 utgjorde overføringane i alt 98,1 mrd. kroner, mot om lag 93,9 mrd. kroner i 2000. Dette er ein auke på 4,5 pst. nominelt.

Overføringane består av rammeoverføringar og øyremerka tilskot. I 2001 utgjorde rammeoverføringane om lag 55 pst. og dei øyremerka tilskota om lag 45 pst. av dei samla overføringane. Heile veksten i dei samla statlege overføringane i 2001 kom som øyremerka tilskot, medan rammeoverføringane var om lag uendra.

3.2 Helsevesenet

Psykiatriplanen

Ved handsaminga av St.prp. nr. 63 (1997-98) Om opptrappingsplan for psykisk helse 1999-2006 – endringer i statsbudsjettet for 1998, vedtok Stortinget ein åtteårig handlingsplan for psykisk helse for perioden 1999-2006. Målet for satsinga er å styrkje tilbodet til menneskje med psykiske lidingar. Handlingsplanen skal gje 3 400 nye omsorgsbustader, monaleg større kapasitet i andrelinetenesta og vel 9 000 nye årsverk. Vidare er utdanning, informasjon om psykisk helse og styrking av brukarorga-

nisasjonar prioriterte område. Til saman er planen kostnadsrekna til om lag 4,6 mrd. kroner i auka driftsutgifter i løpet av planperioden og om lag 6,3 mrd. kroner i investeringar. I budsjettet for 2001 vart det sett av 425 mill. kroner meir til psykisk helse samanlikna med 2000.

Gjennom omdisponeringar mellom drift og investeringar vart auken i dei øyremerka midla til drift i kommunesektoren på 425 mill. kroner. Dei øyremerka midla synest å vere ein viktig stimulas til å styrkje og utvikle det psykiske helsefeltet, sjølv om det fortsatt er ein del variasjonar dei enkelte fylkeskommunane og kommunane i mellom. Det vart gitt ei tilsegnssramme for investeringar på om lag 333 mill. kroner i andrelinetenesta og 440 omsorgsbustader i kommunane. Rapportane så langt visar at nokre investeringsprosjekt i andrelinetenesta er forsinka. Ein del av investeringsmidlane vert dermed overførte til 2002.

Kreftplanen

Nasjonal kreftplan er ein 5-årig handlingsplan som er retta mot å fjerne flaskehalsane som hindrar effektiv kreftbehandling. Planperioden er åra 1999-2003. Samla skal det brukast 2 050 mill. kroner til å oppfylle den vedtekne kreftplanen. Av desse midla er 1,7 mrd. kroner direkte statlege tilskot på statsbudsjettet. Fylkeskommunane/dei regionale helseforetaka skal dekke 350 mill. kroner i planperioden til investeringar og bygg der det skal plasserast strålemaskinar, medan staten dekker strålemaskinane og bunkarane heilt ut.

Den nasjonale strålekapasiteten skal byggjast opp til det nivået som er tilrådd av WHO. Dette inneber 36 strålemaskinar i Noreg, dvs. ein auke på 14 nye strålemaskinar i løpet av femårsperioden. I 2001 vart det sette i drift 4 nye strålemaskinar.

Mammografiundersøking skal utvidast til å bli eit landsdekkjande tilbod til alle kvinner i alderen 50-69 år. I 2001 vart det sett i gang undersøking i 3 nye fylke. Ved utgangen av 2001 var 16 fylke i gang med mammografiundersøking. I tillegg har ytterlegare 3 nye fylke starta planlegging med sikte på å starte opp med slik undersøking i 2002. Det ligg an til at alle fylkeskommunane vil vere i gang

med mammografiundersøkingar innan utgangen av 2002, eitt år før målsettinga i planen.

Det er sett i gang tiltak for å auke utdanningskapasiteten for radiografar og stråleterapeutar. Utdanningskapasiteten for radiografar er så langt auka med 60 plassar. Det er starta opp utdanning av radiografar ved Høgskulen i Gjøvik frå hausten 2000. I 2001 vart det ikkje sett i gang nye tiltak. Frå hausten 2002 vil det bli starta opp ei desentralisert vidareutdanning i stråleterapi ved Høgskulen i Gjøvik.

Det skal i 5-årsperioden løyvast 100 mill. kroner til å styrkje det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Innsatsen er særskilt retta mot områda kothald, tobakk og mosjon. Det vart i 2001 løyvd 23 mill. kroner til desse områda. For åra 1999, 2000, 2001 og 2002 er det sett av 77 mill. kroner til desse tiltaka.

Det er i planperioden sett av 100 mill. kroner til kreftforskning i regi av Noregs Forskningsråd og Senter for medisinsk metodevurdering. For 2001 vart det løyvd 25,6 mill. kroner til kreftforskning. For dei fire fyrste åra av handlingsplanen er det samla løyvd 71,6 mill. kroner.

Nasjonal kreftplan starta opp i 1999, og 2002 er det fjerde året i handlingsplanen. Slik det er varsla i St. prp. nr. 1 (2001-2002), vil utbygginga av stråleterapien bli om lag 2 år forsinka i forhold til målsettinga. Årsaka til dette er to store byggjeprojekt ved Ullevål universitetssjukehus og Radiumhospitalet. Utbygginga av mammografiundersøkinga er godt i rute, ved at 16 fylkeskommunar var i gang i 2001, og dei 3 siste fylka vil vere i gang med slike undersøkingar innan utgangen av 2002.

Plan for utstyrsinvesteringar ved sjukehusa

Stortinget har vedteke ein 5-årig plan for å betre utstyrssituasjonen i norske sjukehus, jf. St.prp. nr. 61 (1997-98) Om nasjonal kreftplan og plan for utstyrsinvesteringar ved norske sjukehus.

Planen er ei ordning der staten har refundert 60 pst. av dei fylkeskommunale utgiftene til medisinsk-teknisk utstyr og IT-utstyr i tida 1998 til 2001. Kommunal- og regionaldepartementet vil refundera 60 pst. av dei fylkeskommunale utgiftene i 2001. Frå 1.1.2002 er tilskotet lagt inn i ramma til dei regionale helseforetaka. Den maksimale ramma for perioden er 2 960 mill. kroner. I samband med handsaminga av St. prp. nr. 1 (2001-2002) vedtok Stortinget å utsette 200 mill. kroner i løyvingar til 2003.

Planen har som føresetnad at mangel på utstyr og forelda medisinsk-teknisk utstyr er ei årsak til dårleg effektivitet og kvalitet i behandlinga av pasientane. Omsynet til kapasiteten og kvaliteten ved

sjukehusa ligg til grunn for dette ekstraordinære tilskotet.

Behandlingsaktivitet ved sjukehusa gjennom innsatsstyrt finansiering (ISF)

Innsatsstyrt finansiering vart innført i 1997 for å stimulere til auka behandling ved norske sjukehus, og å redusere ventetida for naudsynt behandling. Finansieringsordninga byggjer på DRG-metoden (DiagnoseRelaterte Grupper) og storleiken på refusjonen er bestemt av kor ressurskrevjande pasientbehandlinga er. For kvar ny pasient som får behandling på eit sjukehus dekkjer ISF refusjonen 50 pst. av kostnadene, resten må sjukehuset dekkje med rammeløyvinga.

Målsetjinga for 2001 var å auke pasientbehandlinga med 2 pst. frå 2000 til 2001. På bakgrunn av dette løyvde Stortinget 12 422 mill. kroner ved handsaminga av St. prp. nr. 1 (2000-2001). Då departementet fekk dei endelege aktivitetstala for 2000, viste dei at utbetalingane hadde vore omlag 280 mill. kroner for høge i 2000. Dermed var også utbetalingane i 2001 tilsvarande for høge. Løyvinga til ISF refusjon i 2001 vart difor sett ned med 558 mill. kroner til 11 864 mill. kroner då Stortinget handsama St. prp. nr. 84 (2000-2001) Omprioriteringar og tilleggsøyvingar på statsbudsjettet 2001.

Etter 2. tertial 2001, fekk departementet aktivitetstal for dei 8 første månadene av 2001 og ei prognose for heile året vart utarbeidd. Prognosen viste ein auke i aktiviteten i sjukehusa på 4,5 pst. samla i 2001. Dette var årsaka til at Stortinget i si handsaming av St. prp. nr. 32 (2001-2002) Ny saldering av statsbudsjettet, gav ei tilleggsøyving for 2001 på 330 mill. kroner til spesialisthelsetenesta. Etter dette er samla løyving 12 194 mill. kroner i 2001. Det har vore ein nedgang i gjennomsnittleg ventetid for behandling. Det er rimeleg å tru at delar av denne nedgangen skuldast auken i behandlingsskapasiteten i 2001.

Telemedisin

Det vart løyvd eit tilskot på 25 mill. kroner til Nasjonalt senter for telemedisin i 2001. Samstundes vart det løyvd 5 mill. kroner til Nordnorsk helsenett. Helsenettet er eit døme på korleis ein kan byggje infrastruktur mellom sjukehus, legekontor og pleie- og omsorgssektoren. Tiltaka er i tråd med målsetjingane i IT-tiltaksplanen.

Eit godt utbygd nett er ein viktig føresetnad for å ta i bruk dei telemedisinske verkemidla som til dømes Nasjonalt senter for telemedisin utviklar.

Ved utgangen av 2001 var nær 60 legekontor kopla til det nordnorske helsenettet. Både i antall oppkopla institusjonar og tenestemessig er aktiviteten trappa opp i 2001 samanlikna med 2000.

3.3 Eldreomsorga

Ved handsaminga av St. meld. nr. 50 (1996 - 97) vedtok Stortinget ein fireårig handlingsplan for eldreomsorg for perioden 1998 - 2001. Handlingsplanen har som mål å setje helse- og sosialtenesta i kommunane i stand til å møte det veksende talet på eldre som treng pleie- og omsorgstenester. Dette krev både ei auke av kapasiteten og ei betring av kvalitet og standard på tenestetilbodet. Til saman skulle handlingsplanen gje rom for 24 400 nye plassar/bustadar og nye 12 030 årsverk.

Etter dette er handlingsplanen utvida med 9 000 plassar/bustadar til 33 400, jf St. prp. nr. 1 for 2001 og for 2002. I St. meld. nr. 34 (1999 - 2000) er det illustrasjonsmessig anslått eit behov for 5 500 nye årsverk i perioden frå 2002 til 2007.

Førebels resultat etter 4 år viser at pleie- og omsorgstenestene er styrkt med om lag 12 000 årsverk.

Samstundes har Husbanken etter 4 år gitt tilsegn til bygging/utbetring av meir enn 25 500 sjukeheimsplassar og omsorgsbustader. Til saman 18 000 einingar er ferdig bygde/utbeta i 1998 - 2001. Dette omfattar også prosjekt som er finansiert over Opptrappingsplanen for psykisk helse.

Resultata så langt viser at kommunane i stor grad har følgd opp måla med handlingsplanen.

3.4 Forsking og utdanning

Satsinga på å betre kvaliteten i grunnskulen med vekt på ungdomstrinnet ("Skolepakka") vart ført vidare i 2001. Over 300 mill. kroner vart løyvd for å styrkje innsatsen på mellom anna desse områda:

- Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i opplæringa
- Forsøk med varierte arbeidsmåtar og fleksible modellar for organisering
- Heving av undervisningskompetansen til lærarane i fag der det er særleg naudsynt, mellom anna gjennom hospiteringsordningar i næringslivet
- Styrkjing av lærarane sin kunnskap i å førebyggje og motverke problemåtferd

Utlånsordninga for lærebøker i vidaregåande opplæring vart ført vidare med 100 mill. kroner. I tillegg

vart det løyvd 20 mill. kroner til kjøp av undervisningsutstyr og tilpassing av lokale for dei nye kursa i sal og service og medie- og kommunikasjonsfag som vart oppretta i 2000.

Som ledd i arbeidet med å førebu ein meir fleksibel skule vart satsinga på IKT i opplæringa styrkt med 100 mill. kroner i 2001. Løyvinga til IKT i skulen har dermed auka med 50 pst. nominelt sidan 2000 og vorte åttedobla nominelt sidan 1999.

Kompetanseutviklingsprogrammet for vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning vart styrkt med 50 mill. kroner, slik at den samla løyvinga til programmet var på 100 mill. kroner i 2001. I tillegg vart realkompetanseprosjektet ført vidare.

Hausten 2001 starta høgere offentlege utdanningsinstitusjonar med å vurdere søknader frå vaksne over 25 år om opptak på grunnlag av realkompetanse. Om lag 2 000 personar tok denne hausten til med studiar på dette grunnlaget.

For å lette tilgangen for vaksne til utdanning, vart det frå 1. januar 2001 på visse vilkår gitt lovfesta rett til utdanningspermisjon. Det vart og gjort endringar i reglane for utdanningsfinansiering gjennom Statens lånekasse for utdanning, slik at desse reglane no høver betre til behova som vaksne har for kompetanseutvikling.

Som eit ledd i satsinga på Kompetansereforma vart VOX - Vaksenopplæringsinstituttet oppretta 1. januar 2001. VOX driv mellom anna forskning, utvikling og analyse i samsvar med nasjonale oppgåver innanfor vaksenopplæringa.

For å kome i møte samfunnet sitt behov for arbeidskraft, vart det i 2001 oppretta og ført vidare studieplassar på dei høgere utdanningane innanfor IKT, helsefag, psykologi og allmennlærar. Dette er yrke der det har vorte registrert mangel på høgt utdanna personell.

Vidare vart det løyvd til saman 170 mill. kroner til særskilde omstillingstiltak ved universitet og høgskular. Universiteta vart dessutan gjort om til nettobudsjetterte institusjonar i 2001, for å gi dei større sjølvstende og fleksibilitet til omstilling av verksemda.

Arbeidet med å styrkje forskinga ved universitet og høgskular heldt fram. Det vart løyvd midlar til 258 nye stipendiatstillingar og 86 nye postdoktorstillingar. 40 av dei nye postdoktorstillingane vart øyremerkte for kvinner for å betre rekrutteringa til vitenskaplege stillingar. For å auke talet på kvinnelige professorar, vart det oppretta 20 nye professorat øyremerkte for kvinner.

Det vart òg lagt vekt på å styrkje den langsiktige grunnforskninga i 2001. Løyvingane til innkjøp

av vitskapeleg utstyr ved universiteta auka med 25 mill. kroner. Det vart sett av 200 mill. kroner til ei ny tilskotsordning for verksemder som kjøper FoU-tenester, kalla FUNN-ordninga. Alt i alt vart dei direkte løyvingane til forskning i 2001 styrkte med 556 mill. kroner nominelt i høve til 2000. Dette er ein nominell auke på 5,5 pst.

Kapitalen i forskingsfondet vart auka med til saman 6 mrd. kroner i 2001; 3,5 mrd. kroner ved salderinga av budsjettet og ytterlegare 2,5 mrd. kroner i samband med Revidert nasjonalbudsjett, jf. St. prp. nr. 84 (2001-2002). Dette vil gi 321 mill. kroner i auka avkastning til forskning i 2002 og vel 372 mill. kroner meir kvart år frå 2003.

3.5 Barn og unge

Tilskot til einslege mindreårige flyktningar og asylsøklarar, overslagsbevilling

I saldert budsjett for 2001 var løyvinga på 95,4 mill. kroner. Under Stortinget si handsaming av Revidert nasjonalbudsjett i 2001, i Innst. S. nr. 325 (2000-2001), vart posten tilført 75 mill. kroner.

Løyvinga dekkjer det særskilde tilskotet som vert betalt ut til kommunane når ein einsleg mindreårig asylsøklar eller flyktning vert busett. Tilskotet var i 2001 93 000 kroner per barn per år, og det vert utbetalt til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år. I tillegg omfattar løyvinga statsrefusjon av utgifter til barnevern gjennom fylkeskommunen. Ordninga er regelstyrt og posten er ei overslagsløyving. Talet på einslege mindreårige som kjem til landet, har auka mykje dei siste åra, med 1999 som eit toppår. Dette året kom 561 einslege mindreårige til landet, mens talet var 423 born i 2000 og auka att til 444 i 2001. I tråd med at talet på einslege mindreårige har auka, har posten vorte tilført ekstraløyving under nysalderinga av statsbudsjettet.

Kapittel 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet (tal i 1000 kroner)

Post	Type	1999	2000	2001
64	Tilskot	74 352	127 658	161 821

Driftstilskot til barnehagar

Statstilskot til drift av barnehagar er øyremarka og vert gitt til alle godkjende barnehagar, både private og offentlege. Satsane for tilskotet varierar etter alderen til bornet og etter opphaldstida.

I samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2001 vedtok Stortinget å auke satsane for tilskot med om lag 10 pst. for 2. halvår, dvs. med verknad frå 1. juli 2001. I alt vart det innanfor løyvinga til barnehagar rekna med å kunne nytte 240 mill. kroner til å auke satsane for det ordinære statstilskotet. Intensjonen med denne satsauken var å leggje grunnlag for barnehageeigarar til å redusere foreldrebetalinga alt frå 2. halvår 2001.

Asplan Viak gjennomførte ei landsdekkjande undersøking i august - september 2001 om endringar i foreldrebetalinga i kommunale og private barnehagar frå første til andre halvår 2001. Undersøkinga viste at i overkant av 50 pst. av barnehagane hadde redusert foreldrebetalinga frå 01.04.2001 til 01.09.2001. I tillegg oppgav 12 pst. av kommunane at forslag om dette var oppe til politisk handsaming.

I statsbudsjettet for 2001 vart det løyvd 4 941 mill. kroner til driftstilskot til barnehagar. Rekneskapstala viser at dei samla utbetalingane var på 4 816 mill. kroner. Mindreutgifta på 125 mill. kroner er delvis nytta under kap. 844 Kontantstøtte, post 70. Dette har samband med at det vart etablert færre barnehageplassar enn føresett i 2001, særleg for eitt- og toåringar.

Kapittel 856 Driftstilskot til barnehagar (tal i 1000 kroner)

Post	Type	1999	2000	2001
60	Tilskot	4 213 029	4 375 639	4 816 306

Frivillig barne- og ungdomsarbeid lokalt

Under Stortinget si handsaming av Revidert nasjonalbudsjett for 2000, jf. Innst. S. nr. 220 (1999 - 2000), vart det oppretta ei ny tilskotsordning til frivillig barne- og ungdomsarbeid lokalt. Bakgrunnen for opprettinga av tilskotsordninga ligg i St. meld. nr. 27 (1996-1997) Om statens forhold til frivillige organisasjonar og tilleggsmeldinga til denne, St. meld. nr. 44 (1997-1998) Tilleggsmelding om statens forhold til frivillige organisasjonar.

I 2000 var løyvinga på 12,4 mill. kroner. I budsjettproposisjonen for 2001 vart det foreslått ei løyving på 18,5 mill. kroner. I budsjetthandsaminga i Stortinget vart løyvinga auka med 25 mill. kroner, slik at det til saman vart fordelt 43,5 mill. kroner til frivillig barne- og ungdomsaktivitet lokalt i 2001. Målet med støtta er å leggje til rette for aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreiningar som arbeider for barn og unge. Tilskotsordninga er meint

å understøtte organisasjonane sine primæraktivitetar.

Kapittel 857 Barne- og ungdomstiltak
(tal i 1000 kroner)

Post	Type	1999	2000	2001
75	Tilskot	–	12 400	43 500

3.6 Nærings- og distriktsutviklinga

Distriktsutviklinga

I 2001 vart det løyvd 80 mill. kroner til ei særskilt satsing på nyskaping. Ein del av løyvinga gjekk til eit program for kommersiell utnytting av marine ressursar og eit nytt program for e-handel. Satsinga på marine ressursar var eit felles arbeid mellom tre departement: Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Fiskeridepartementet. Det nye programmet for e-handel var eit samarbeid mellom Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Vidare vart 20 mill. kroner av etablerarstipenda øymerkt kunnskapsbaserte nyetableringar. Arbeidet med næringshagar vart vidareført med ei løyving på 26 mill. kroner. Føremålet med næringshagar er å leggje til rette for å utvikle nye arbeidsplassar i kunnskapsnæringane i distrikta.

For å heve kunnskapsnivået i næringslivet og bidra til nye kunnskapsintensive bedrifter, vart det forutsett at 40 pst. av distriktsutviklingstilskotet skulle nyttast til kompetansetiltak i næringslivet.

Som ein viktig del av regionalpolitikken, vart det sett større søkjelys på samarbeid mellom regionar på tvers av landegrensene. I 2001 vart Interreg-satsinga auka med 17 mill. kroner.

Næringsutviklinga

E-handelsprogram:

Nasjonalt program for elektronisk handel (VeRDI) vart starta opp i 2001 med ei ramme på 40 mill. kroner. Programmet har som mål å auke innføringa av elektronisk handel i forretningsverksemda til små og mellomstore bedrifter. Programverksemda vart utført av SND. I programmet vart det fokusert på bevisstgjering, kompetanseoppbygging og strategiprosessar. Programmet vart gjennomført i nære samspel med SNDs BIT-program, og det er etablert eit samarbeid med Noregs Forskningsråd innan nytting av IKT.

Etablering av nytt investeringselskap med privat og statleg kapital:

Selskapet vart stifta 1. oktober 2001 med 2,45 mrd. kroner i kapital. Det er eigd av SND og SIVA med 50 pst. kvar. Løyvingane vart flytta frå kap. 967, post 90 til SND og SIVA, jf. St. prp. nr. 32 for 2001-2002.

Ein investeringsstrategi og systematikk for utveljing av investeringskandidatar er under utarbeiding. Det er halde innleiande møte med 15-20 fond. Selskapet skal drivast på forretningsmessige vilkår og opptre som ein kommersiell investor, og fokus skal vera på bransjar der Noreg allereie står sterkt.

Utviklingstilskot under SND:

Stortinget sitt budsjettvedtak for 2001 innebar at utviklingstilskotet for å styrkje program for nyskaping og kompetanseutvikling vart redusert til 161 mill. kroner, frå 175 mill. kroner i 2000. Tilskotet er nytta til programverksemd og prosjekt som stimulerar til utvikling og nyetablering, omstilling, kompetanse- og produktutvikling i norsk næringsliv.

Auka tilskot til risikoavsetningsfondet for GIEK sin SUS/Baltikum-ordning:

Tilskotet til GIEK sin SUS/Baltikumordning vart auka frå 35 mill. kroner i 2000 til 45 mill. kroner i 2001 for å styrkje nærings samarbeidet mellom norsk næringsliv, spesielt mekanisk industri i Nord-Noreg, og russisk næringsliv. Det meste av garantiane gjeld fisk og papir.

Auka løyving til breiband under Nærings- og handelsdepartementet:

Tilskotet til breiband under Nærings- og handelsdepartementet vart auka frå 18 mill. kroner til 38,5 mill. kroner i 2001.

Handlingsplanen for breibandkommunikasjon har vorte følgt opp og rapportert inn i e-Noreg planen. Ein statusrapport konkluderte med at måla i planen mest sannsynleg ikkje ville kunne verte nådd. Etter råd frå aktørar i marknaden, bestemte departementet seg for å konsolidere planen.

Det tre-årige HØYKOM-programmet vart avslutta i 2001. Som ledd i breibandsatsinga er det beslutta at HØYKOM-programmet skal vidareførast i eit nytt program for tre nye år, 2002 til 2004, jf. St.prp. nr. 1 for 2001-2002. Det vil bli gjort ei samla evaluering av programma mot slutten av det nye programmet.

3.7 Internasjonal solidaritet

Internasjonal solidaritet gjennom utviklingshjelp

Programområde 03 Internasjonal hjelp omfattar den offisielle utviklingshjelpa (programkategori 03.00, 03.10, 03.20, 03.30 og 03.40) og støtte til Sentral- og Aust-Europa og internasjonale miljøtiltak (programkategori 03.50), jf. oversikt 3.2.

Utviklingshjelpa (programkategori 03.00 – 03.40)

I 2001 vart det utbetalt 12 311 mill. kroner i offisiell utviklingshjelp, ein auke på 1 151 mill. kroner (10 pst. nominelt) frå førre året. Utbetalinga i 2001 tilsvarar 0,84 pst. av bruttonasjonalinntekta.

Oversikta nedanfor viser utbetalingar til utviklingshjelp (nominelle tal) i perioden 1990 - 2001, i pst. av BNI og ubrukt løyving overført neste budsjettermin (i beløp og prosent).

Den offisielle utviklingshjelpa var i statsbudsjettet for 2001 inndelt i fem programkategoriar: administrasjon, bilateral utviklingshjelp, utvida samarbeid, multilateral utviklingshjelp og humanitær hjelp.

I 2001 vart det nytta 588 mill. kroner, tilsvarande 5 pst. av utviklingshjelpa, til administrasjon. Det vart utbetalt 2,3 mrd. kroner (19 pst. av utviklingshjelpa) i bilateral hjelp til prioriterte land og regionar under programkategori 03.10 (landprogram og regionløyvingar for Afrika, Asia og Mellom-Amerika). Vidare vart det utbetalt 2,2 mrd. kroner (18 pst.) til ulike temaområde som næringsliv, forskning, miljø, kultur, kvinner og frivillige organisasjonar under programkategori 03.20. Under programkategori 03.30 multilateral utviklingshjelp vart det

utbetalt 4 mrd. kroner (33 pst.), i hovudsak til FN-organisasjonar og internasjonale finansinstitusjonar. Til humanitære tiltak, herunder naudhjelp og flyktningar under programområde 03.40 vart det utbetalt om lag 3,2 mrd. kroner, tilsvarande 26 pst. av den samla utviklingshjelpa.

Programkategori 03.50 Anna hjelp (ikkje klassifisert som offisiell utviklingshjelp etter OECD sine kriterier)

Løyvingane under programområde 03.50 er knytt opp mot tiltak i Sentral- og Aust-Europa (unnateke Balkan som inngår i utviklingshjelpa), internasjonale miljøtiltak og fredsbevarande operasjonar og internasjonal strafferettspleie.

I 2001 vart det utbetalt 398 mill. kroner, ein auke på 35 pst. (nominelt) frå 2000. Om lag 139,8 mill. kroner vart utbetalt til prosjektsamarbeidet med Russland/SUS og 65,8 mill. kroner under Handlingsplanen for søkjarlanda til EU. Viktige innsatsområde var miljøvern, helse, demokratiutvikling, utdanning og forskning. Under Handlingsplanen for atomsaker vart det utbetalt 146 mill. kroner. Ein stor del av midlane gjekk til sikring av austeuropeiske atomkraftverk, herunder Kola kjernekraftverk, Tsjernobyl-reaktoren og Ignalina kjernekraftverk i Litauen.

Vidare vart det utbetalt 36,4 mill. kroner til ulike miljøtiltak som miljøfasiliten GEF og andre internasjonale miljøtiltak, herunder Klimafondet.

Under den nye ordninga for tilskot til fredsbevarande operasjonar og internasjonal strafferettspleie vart det utbetalt 6,8 mill. kroner av løyvinga på 27 mill. kroner. 20,2 mill. kroner av løyvinga i 2001 vert overført til bruk i 2002.

Tabell 3.1 Programområde 3 : Internasjonal hjelp (tal i 1 000 kr)

Programkategori	Rekneskap 2000	Budsjett ¹⁾ 2001	Rekneskap 2001
03.00 Administrasjon av utviklingshjelpa	555 598	603 125	588 654
03.10 Prioriterte land og regionar	2 180 888	2 329 275	2 301 166
03.20 Utvida samarbeid	2 055 868	2 265 954	2 160 100
03.30 Utviklingshjelp via internasjonale organisasjonar	3 100 958	4 051 709	4 039 377
03.40 Naudhjelp, menneskerettar, fred og demokratibygging	3 266 917	3 328 926	3 222 508
Sum utviklingshjelp	11 160 229	2 578 989	12 311 805
03.50 Anna hjelp	296 198	452 083	398 255
Sum programområde 03	11 456 427	13 031 072	12 710 060

¹⁾ Budsjett 2001 omfattar ordinære løyvingar, inkl. overførde beløp frå 2000 og tekniske justeringar (meirinntekter, refusjonar og innsparingar).

Tabell 3.2 Utbetalingane til utviklingshjelp og overførde beløp for perioden 1990 – 2001 (tal i mill. kroner)

År	Utbetalt	Utbe- talt i pst. av BNI	Overført neste termin	Overført i pst. av disp. bevilg.
1990	7 576	1,16	421 mill.	6 pst.
1991	7 649	1,13	249 mill.	3 pst.
1992	7 921	1,16	158 mill.	2 pst.
1993	7 203	1,01	503 mill.	7 pst.
1994	8 033	1,05	479 mill.	6 pst.
1995	7 923	0,87*	415 mill.	5 pst.
1996	8 492	0,85	481 mill.	6 pst.
1997	9 327	0,87	375 mill.	4 pst.
1998	10 183	0,93	203 mill.	2 pst.
1999	10 788	0,92	418 mill.	4 pst.
2000	11 160	0,80	94 mill.	0,8 pst.
2001	12 311	0,84	272 mill.	2 pst.

* Dette året vart utrekningsmåten for BNI lagt om. Dette innebar at utviklingshjelpa målt i prosent av BNI vart lågare enn om tidlegare metode vart nytta.

Kampen mot terror

Terrorhandlingane 11. september 2001 viste kor sårbare vi er i det moderne og opne samfunnet. NATO erklærte dagen etter at åttaket utløyste alliansen si forplikting om kollektivt forsvar. Tryggingrådet i FN synte same dagen i Tryggingrådsresolusjon 1368 at retten til sjølvforsvar gjeld. For Forsvaret fekk hendingane snarlege konsekvensar, som ein grovt sett kan dele i to hovudkategoriar:

(1) deltaking i militære operasjonar i og rundt Afghanistan, og

(2) nasjonale sikringstiltak mot terror (jfr. Innst. S. nr. 42 (2001-2002)).

USA danna ein brei internasjonal koalisjon for ein kampanje retta mot internasjonal terrorisme. Etter at Taliban mange gonger nekta å utlevere leiarane for al-Qaida, iverksette koalisjonen den 7. oktober, med USA og Storbritannia i spissen, ein militær operasjon retta mot terrornettverket og Taliban-regimet i Afghanistan. Denne operasjonen fekk namnet *Operation Enduring Freedom*. Noreg stilte ei rekkje militære einingar til disposisjon for operasjonen, og vi deltek mellom anna med mineryddarar, spesialstyrkar, transportfly, lettpansra køyretøy og liaisonoffiserar (forbindingsoffiserar).

Frå norsk side deltek vi òg med marinefartøy i den ståande middelhavsstyrken i NATO, til støtte for operasjonane i Afghanistan, og med flymannskap til støtte for overvaking av luftrommet over USA.

Noreg deltek òg i den britisk leidde *International Security Assistance Force*, som skal stabilisere situasjonen i og omkring Kabul med mineryddarar, transportkontrollpersonell, og stabsoffiserar.

Nasjonalt iverksette Forsvaret omfattande tryggingstiltak. Den generelle terrorberedskapen vart heva ved alle militære avdelingar og ei rekkje sivile og militære beredskapstiltak vart sette i verk. Våre nasjonale beredskapstiltak har dels hatt til føremål å støtte NATO sine beredskapstiltak, men fleire tiltak er blitt sett i verk ut frå reine nasjonale behov.

Norsk leiing av KFOR 5

Rådet i NATO vedtok den 24. juli 2000 at nordregionen skulle stille kjernen i KFOR 5-hovudkvarteret. Dette innebar at ein skulle trekkje personell frå NATO-hovudkvartera i Karup i Danmark (JSRC NORTHEAST) og Jåtta i Noreg (JSCR NORTH). Hovudkvarteret vart sett til å leie KFOR i seks månader frå 6. april 2001. Etter dansk-norsk tilråding utpeika NATO sin øvstkommanderande i Europa (SACEUR) den 8. august 2000 generaløyntnant Thorstein Skiaker til sjef for KFOR 5 og Noreg som leiingsnasjon.

Norsk personell gjekk inn i KFOR 5-hovudkvarteret i kraft av stillingane sine i NATO-hovudkvarteret på Jåtta, men det var ikkje tilstrekkeleg personell frå Jåtta og Karup til å fylle alle kjernestillingane i KFOR 5. Difor stilte Noreg i tillegg nasjonalt personell til KFOR 5-hovudkvarteret. Samla gjorde omkring 200 norske befal og soldatar teneste i samband med Noregs ansvar som leiingsnasjon. Dette personellet kom i tillegg til den norske bataljonen og støtteelementa som utgjer omkring 1200 personar.

3.8 Statsbankane

Statens lånekasse for utdanning

Samla uteståande fordringar for Statens lånekasse for utdanning var per 31. januar 2001 i overkant av 69 mrd. kroner. Dette gjeld utdanningslån, renter og gebyr. Av utdanningslån er i underkant av 16 mrd. kroner ikkje renteberande, medan dei resterande beløpa er renteberande. Mengda uteståande lån har auka med om lag 3 mrd. kroner frå 2000 til 2001. Auken skuldast først og fremst ein auke i renteberande utdanningslån.

Det er i overkant av 3 mrd. kroner uteståande i renteberande rente og 800 mill. kroner i ikkje renteberande rente. Elles har Statens lånekasse for

utdanning utestående om lag 54 mill. kroner i ikkje betalte gebyr.

Det vart i 2001 innbetalt i overkant av 6,5 mrd. kroner til Statens lånekasse i form av avdrag, renter og gebyr.

Den norske stats Husbank

Samla var utestående fordringar i Husbanken på 95,9 mrd. kroner ved utgangen av 2001, fordelt på 125 000 lån. Av desse utestående fordringane utgjer 69 mrd. kroner oppføringslån, 16,3 mrd. kroner etableringslån og kjøpslån, 6,7 mrd. kroner utbetningslån og 3,9 mrd. kroner diverse gamle låneordningar (mellom andre lån til utleigebustader).

Utestående fordringar har auka med over 5,5 mrd. kroner frå 2000 til 2001. Kjøpslåneporføljen har stått for ein stor del av auken.

Husbanken hadde i 2001 eit tap på 17,8 mill. kroner. Med tilbakeføringar på tap som utgjorde 5,5 mill. kroner, var netto tap på utlån 12,3 mill. kroner. Av samla brutto tap er 17,1 mill. kroner knytte til personlege låntakarar og 0,7 mill. kroner til ikkje personlege låntakarar. Ved siste årsskifte var Husbanken part i vel 830 gjeldsordningar. Det vart konstatert små tap på desse ordningane i 2001. Dei spesielle utleigelåna gitt til stiftingar i perioden 1987 til 1992, og som Husbanken tidlegare såg som høgt tapsutsette engasjement, ser ikkje no ut til å gi vesentlege tap for Husbanken.

4 Folketrygda for 2001

Dei samla utgiftene under folketrygda i 2001 var til saman 187 642 mill. kroner. Tilsvarende tal i 2000 var 175 357 mill. kroner. Det gir ein nominell vekst i utgiftene på omlag 7 pst. Samla inntekter til folketrygda i 2001 vart 131 726 mill. kroner. I 2000 var tilsvarande tal 125 272 mill. kroner. Det gir ein nominell auke i inntektene på vel 5 pst.

Sjukepengar

Dei samla utgiftene til sjukepengar frå folketrygda auka nominelt med 8,8 pst. frå 2000 til 2001 frå 21 774 mill. kroner til 23 697 mill. kroner. For arbeidstakarar m.fl. (postane 70 og 72) var auken på 8,7 pst., medan den for sjølvstendige (post 71) var på 4,3 pst.. Veksten i sjukefråværet er fortsatt svært høg sjølv om veksten er lågare frå 2000 til 2001 enn frå 1999 til 2000.

I åra frå 1997 til 2001 var den prosentvise auken i talet på sjukepengedagar betalt av folketrygda per sysselsett lønnstakar sterkare for menn enn for kvinner, 36,6 pst. mot 34,8 pst. For menn var auken høgast i aldersgruppa rundt 50 år, medan auken for kvinner var høgast i aldersgruppa 30 - 39 år.

Veksten i sysselsetjinga er ei viktig forklaring på at sjukefråværet i Noreg har auka kvart år sidan 1994. Høg sysselsetjing har gitt ei høgare deltaking i arbeidslivet dermed også for dei som har problem med helse. Samtidig viser analyser av fråværet at veksten i sjukefråværet dei siste åra ikkje berre skyldast at nye marginale grupper har kome inn i arbeidsmarknaden, men at sjukefråværet også har auka mykje for dei etablerte sysselsette.

Sjukdom og plagar med helse aukar med høgare alder. Ei mogleg forklaring på veksten i sjukefråværet kan av den grunn òg vere at talet på eldre personar i arbeidsstyrken har auka. Beregninger gjort i Rikstrygdeverket viser at om lag 40 pst. av veksten i erstattede sjukepengedagar frå 1990 til 2000, kan forklarast av auken i talet på sysselsette kombinert med endra aldersamansetjing. Same forklaring gjeld 35 pst. av auken frå 2000 til 2001.

Det er grunn til å tru at endringa i andre velferdsordningar på 1990-talet òg har hatt innverknad på sjukefråværet. Det gjeld mellom anna innstram-

minga i uførepensjonsordninga i 1991, maksimaltid for rehabiliteringspengar frå 1993 og opptrapping av tiltak innafor yrkesretta attføring.

Den nye sentrale sjukefråværsstatistikken vart lansert hausten 2001. Statistikken er eit samarbeid mellom Rikstrygdeverket og Statistisk Sentralbyrå. Denne statistikken gjer betre høve til å vurdere effekten av ulike tiltak for å redusere behovet for sjukemeldingar.

Talet på personar som har brukt opp retten til sjukepengar gjennom eit eller fleire sjukepengetilfelle har auka sterkt siste halvdel av 1990-talet. I dei tre første kvartala i 2001 voks talet på slike personar med om lag 7,4 pst. Dette er ein lågare vekst enn frå tredje kvartal 1999 til tredje kvartal 2000. Auken er og med på å forklare veksten i tilgangen på rehabiliteringspengar og uførepensjon.

Uførepensjon

Utgiftene til uføre har auka dei siste åra. Frå 2000 til 2001 gjekk utgiftene opp med 7,3 pst. (nominelt) frå 30 398 mill. kroner til 32 601 mill. kroner. Dette har samanheng med auke i talet på uførepensjonistar og med at grunnbeløpet i folketrygda har auka. I 2001 auka talet på uførepensjonistar med 2 pst. til 285 354. Tilgangsraten i 2001 var om lag 9,8 per 1000 ikkje-uføre. Dette er ein nedgang i tilgangsraten for begge kjønn sida 1999, medan det i perioden 1993-99 var ein auke i tilgangsraten nesten kvart år. Tilgangsraten i 2000 var 11,5 per 1000 ikkje-uføre.

Auken i talet på uførepensjonistar heng mellom anna saman med veksten i sysselsetjinga på 1990-talet og at dei store etterkrigskulla no er komne opp i aldersgrupper der tilgangsrata til uførepensjon relativt sett er høgast. At talet på uførepensjonistar har gått opp samstundes med at sysselsetjinga har vore høg, kan skyldast at fleire personar med helseproblem har fått plass i arbeidslivet og at dei etter ei tid går over på sjukepengar og til slutt søker uførepensjon. Andelen av dei som har brukt opp sjukepengerettane sine og som har fått uførepensjon, har auka dei siste åra. Høgare sysselsetjing blant kvinner kan òg føre til at fleire vert vurderte som yrkesaktive når dei søker om uførepensjon og difor lettare kan få uførepensjon

enn om dei hadde vore vurderte i høve til arbeid i heimen.

Auka innsats i trygdeetaten for å byggje ned restansar og raskare handsaming av søknader om uførepensjon førte spesielt i 1997 og 1998 til ein auke i talet på uføre. Nedbygging av restansar har hatt lite å seie i 2000 og 2001.

Talet på søknader om uførepensjon gjekk ned frå 37 306 i 2000 til 34 235 i 2001. Årsaka til at færre søker om uførepensjon kan vere at dei etter nye reglar kan gå lenger på rehabiliteringspengar. Frekvensen i avslag ved søknad om uførepensjon har auka dei siste åra, i 2001 vart 23,6 prosent av søknadene avslått. I årene 1994-97 vart mellom 15 og 16 pst. av søknadene avslått. Den auka frekvensen i avslag skuldast mellom anna skjerpning av krav om at attføring skal vere prøvd før uførepensjon vert innvilga.

Det er store skilnader mellom fylka i talet på uførepensjonistar. Tilgang til uførepensjon er høgare i kommunar med lågt utdanningsnivå og høge dødstal. For menn tyder eit høgt gjennomsnittstal for arbeidsløyse i kommunen også på høg uføretilgang.

Landet treng arbeidskraft og arbeid har ein eigenverdi for den einskilde. Ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett våren 2000, vedtok Stortinget at ein skal iverksetje reaktivisering av uførepensjonistar, særleg dei under 50 år. Som eit ledd i dette arbeidet vart det frå 1. september 2000 sett i gang ei forsøksordning med nye reglar for avkorting av uførepensjon. Det er for tidleg å rapportere om verknader av dette tiltaket.

Einskilde tal kan tyde på at uførepensjonistar i noko større grad enn tidlegare har arbeid ved sidan av uførepensjonen. Det har vore ein auke i arbeidsdeltaking blant uførepensjonistar med gradert uførepensjon, særleg blant kvinner. Andelen uføre med full uførepensjon som har inntekt ved sida av pensjonen auka frå 20,6 pst. i 1995 til 25,1 pst. i 2000.

Medisinsk rehabilitering

Talet på mottakarar av rehabiliteringspengar var i alt 41 490 (inkl. 2 100 personer med rehabiliteringspengar medan dei ventar på attføring) ved utgangen av november 2001. Dette er 16,7 pst. fleire enn på same tid året før. Utgiftene på post 70 auka med 13,9 pst. (nominelt) frå 2000 til 2001. Utgiftene i 2001 vart 4 877 mill. kroner. Det har vore ein sterk auke på posten medisinsk rehabilitering dei seinaste åra. Auken i talet på mottakarar i perioden 1996-2001 har vore på 88,4 pst. Denne sterke auken heng nært saman med auken i langtidssju-

kefråværet og talet på sjukemelde som har brukt opp retten til sjukepengar.

Opp mot 70 pst. av tilgangen til rehabilitering kjem direkte frå sjukepengar. I 1995 var delen 56,5 pst. Den sterke auken i langtidssjukefråværet dei siste åra er ein vesentleg årsak til den sterke auken i utgiftene og talet på mottakarar av rehabiliteringspengar. I tillegg har og utvidinga av unntaksreglane for rehabiliteringspengar og innskjerpinga i praksis for å få uførepensjon vore viktige årsaker til veksten dei siste to åra. Dei vanlegaste diagnosane for mottakarar av rehabiliteringspengar er muskel- og skjelettlidinger og mentale lidinger.

Det er venta at sjukefråværet vil ligge på eit høgt nivå i åra framover òg. Ein vedvarande auke i talet på personar som har brukt opp sjukepengeretten sin, vil truleg føre til auka press på rehabiliteringsordninga. Det same vil liberaliseringa i høve til at personar kan gå på rehabiliteringspengar utover 52 veker.

Prioritering av reaktivisering av uførepensjonistar vil bidra til å auke talet på mottakarar av rehabiliteringspengar i tida framover. Dette, saman med liberaliseringa av unntaksreglane og skjerpninga av kravet om at attføring skal vere prøvd før uførepensjon kan gjevast, gjer at det ventast vekst i talet på mottakarar av rehabiliteringspengar.

Alderspensjon

Talet på alderspensjonistar ved utgangen av 2001 var 626 578 personar. Det er vel 2 300 færre enn på slutten av 2000. Alderspensjonistane utgjer no snaut 14 pst. av folket i Noreg. Talet går ned, fordi det no er dei små førkrigskulla som vert pensjonistar. Utgiftene auka med vel 5 pst. (nominelt) frå 2000 til 2001 frå 67 526 mill. kroner til 70 914 mill. kroner. Utgiftene aukar sjølv om talet på pensjonistar går ned, fordi folketrygda er under oppbygging, og andelen med alderspensjonistar med rett på tilleggspensjon og gjennomsnittleg tilleggspensjon har auka.

Mange pensjonistar er allereie pensjonerte gjennom avtalefesta pensjon (AFP) før dei tek ut alderspensjon frå folketrygda ved 67 år. Ved utgangen av 2001 var det i alt 32 558 AFP-pensjonistar, ein auke på snaut 3,5 pst. frå året før.

Einsleg mor eller far

Utgiftene til overgangsstønad gjekk ned med 24,5 pst. (nominelt) frå 2000 til 2001 frå 2 733 mill. kroner til 2 064 mill. kroner. Talet på einslege forsørgjarar med overgangsstønad var ved utgangen av 2001 vel 26 000, om lag 14 300 færre enn året

før, ein nedgang på vel 35 pst. Nedgangen i talet på stønadmottakarar har i stor grad samanheng med at omlegginga av stønadsordninga i 1998 fekk full effekt frå 1.1.2001. Målet med omlegginga i 1998 var å betre økonomien til einslege forsørgjarar med små barn, og å stimulere til auka sjølvforsørgjing etter ein overgangsperiode.

I 2001 var delen aktive einslege forsørgjarar 63 pst, som er ein nedgang frå utgangen av året før på 6 prosentpoeng. Med aktive einslege forsørgjarar meiner vi dei som er heilt sjølvforsørgjande (berre stønad til barnetilsyn), dei som er delvis sjølvforsørgjande (reduisert overgangsstønad pga forventa inntekt) og dei som er under utdanning (full overgangsstønad og stønad til barnetilsyn). Nedgangen i delen aktive einslege forsørgjarar har samanheng med endringa i stønadsgruppa etter 1.1.2001. Det er no langt fleire med barn under tre år, og dei er sjeldnare i arbeid eller utdanning enn dei som har større barn.

Utviklinga tilseier no at talet på stønadmottakarar og utgiftene til overgangsstønad stabiliserer seg. Også utgifter til utdanningsstønad stabiliserer seg etter å ha vore noko høgare enn vanleg i perioden med overgangsregler for overgangsstønaden.

Hjelpemiddel

Utgiftene til hjelpemiddel til betring av funksjonsevne har auka relativt sterkt i perioden 1996-2000. Frå 2000 til 2001 flata utgiftene ut, og auka med 2,3 pst. nominelt frå 2 515 mill. kroner til 2 573 mill. kroner. For enkelte typer hjelpemiddel var det ein sterk auke i utgiftene også frå 2000 til 2001, mellom anna gjeld det: telefon- og lydforsterkarutstyr, varslingsutstyr, hjelpemiddel til bustadtilpassing, ganghjelpemiddel og andre forflytningshjelpemiddel. For andre typer hjelpemiddel har det vore sterk nedgang i utgiftene frå 2000 til 2001. Dette gjeld heisar, løfteplattformer og trappeheisar, elektriske rullestolar, datautstyr og manuelle rullestolar.

Underhaldsbidrag til barn og ektefelle

Ved utgangen av 2001 var det registrert 128 800 bidragspliktige som var pålagt å betale bidrag gjennom Trygdeetatens Innkrevingsssentral (TI). Dette er ein auke på 1 400 (1,1 pst.) frå utgangen av 2000. Den samla uteståande bidragsgjelda utgjorde 3 051 mill. kroner ved utgangen av 2001. Inkludert i talet er også saker der bidragspliktige er busette i utlandet (484 mill. kroner) og uteståande i gamle gjeldsaker ved Statens Innkrevingsssentral (SI) (215 mill. kroner). Tilsvarande tal ved utgangen av 2000 var 3 131 mill. kroner, der bidragspliktige busette i ut-

landet skulda 460 mill. kroner og gamle gjeldssaker ved SI var 215 mill. kroner.

Samla vart det krevd inn 3 336 mill. kroner i 2001. Dette er ein auke på 181 mill. kroner nominelt (5,74 pst.) frå 2000. I 2001 har påløpet auka med 193 mill. kroner (6,1 pst.) samanlikna med i fjor. Påløp er det bidragsbeløpet som bidragspliktige er pålagt å betale. Prosentdelen av bidragspliktige som er åjour eller har gjeld under 10 000 kroner, er nesten den same i 2001 som i 2000, hhv. 68,7 pst. og 69 pst.

Statens forskotering av bidrag utgjorde brutto 1 639 mill. kroner i 2001. I dei tilfella der det fastsette bidraget er mindre enn forskotsbeløpet, skal ikkje differansen krevjast inn. Beløpet skal først som utgift. Denne differansen vert nemnd som »løyvd forskot». Løyvd forskot utgjorde 483 mill. kroner. Det vil seie at forskotsbeløpet som kan krevjast inn for 2000 var 1 156 mill. kroner. Av dette beløpet vart 1 067 mill. kroner dekt av innbetalingane frå dei bidragspliktige.

Vurdering av innanlandsgjelda til innkrevjing ved Trygdeetatens innkrevningsssentral

Heimel til å gjere avskrivning av bidragskrav i rekneskapen, vart gitt av Sosial- og helsedepartementet 9. januar 2001. Forskrifta er nytta frå og med rekneskapsåret 2001.

Samla uteståande krav innanlands er 2 560 mill. kroner. Basert på kriterium iht forskrifta av 9. januar 2001 er 1 031 mill. kroner (43 pst.) klassifisert som gode fordringar, 768 mill. kroner (33 pst.) som usikre og 595 mill. kroner (24 pst.) som forventa tap og 166 mill. kroner er regnskapsmessig avskrivne. Fordringar som er klassifisert som forventa tap, er fordringar som ikkje kan krevjast uansett tvangstiltak på grunn av manglande betalingssevne til den bidragspliktige.

Bidragspliktige busette i utlandet

Det er styresmaktene i kvart enkelt land som krev inn når bidragspliktig bur i utlandet. Trygdeetaten er såleis avhengig av inngåtte avtaler, og av samarbeid frå kvart enkelt land. Samla uteståande fordringar var 484 mill. kroner. Av dette gjeld 180,4 mill. kroner bidragspliktige i Norden. Sverige åleine står for 115 mill. kroner.

Av samla uteståande er 87,1 mill. kroner (18 pst.) rekna som sikre krav, 43,8 mill. kroner (9 pst.) som usikre krav og 353 mill. kroner (73 pst.) som forventa tap. I Norden er forventa tap rekna til 91 mill. kroner (53 pst. av uteståande i Norden).

Frå 2000 til 2001 er gjelda auka med i overkant

av 24,6 mill. kroner. Størst netto gjeldsauke var det i Sverige (23 pst. av auken), USA (12,3 pst.), Danmark (9,3 pst.) og Storbritannia (9 pst.),

Det vart tilsaman innbetalt 49 mill. kroner med ein dekningsprosent (innbetalt i prosent av påløpt)

på 60. I Norden vart det innbetalt 26,6 mill. kroner med ein dekningsprosent på 68,6. I forhold til 2000 er dekningsprosenten samla gått ned frå 61,7 pst. til 60 pst. medan for Norden sin del er dekningsprosenten om lag uendra (68,6 pst.).

5 Finanspostar og kapitalrekneskapen

5.1 Finansinntekter og finansutgifter

Renteinntektene vart om lag 18,4 mrd. kroner i 2001, og renteutgiftene vart vel 18,2 mrd. kroner. Netto renteinntekter vart 145 mill. kroner i 2001.

5.2 Statens balansekonto

Statens eignalutar auka med vel 200 mrd. kroner frå 2000 til 2001. Den største auken fell på spesielle fond og forsikringar som følge av auken i Statens Petroleumsfond.

5.3 Garantiar

Garantiene hadde ved utgangen av 2001 eit samla ansvar på 57,1 mrd. kroner.

5.4 Offentlege fond som vert forvalta av Finansdepartementet

Per 31.12.2001 er det kun ett fond; Fiskeomsetningsfondet att under offentlege fond under forvaltning av Finansdepartementet. Fonda som før var under Finansdepartementet sin forvaltning er anten avslutta eller overført til ein annan rekneskapsfører i 2001. Fiskeomsetningsfondet vil verte avslutta våren 2002.

Tabell 5.1 Renter (tal i mill. kroner)

	1999	2000	2001
1. Renteinntekter i alt	14 185	14 763	18 356
Renter frå statsbankane	10 260	9 833	11 122
Renter av kapital i statens forretningsverksemd	203	91	93
Renter av innskot og andre krav	2 590	3 810	5 852
Renter av lån til statsforetak	463	315	292
Renter av lån til særlovselskap	634	243	292
Renter av lån til aksjeselskap	0	425	665
Renter frå folketrygda	34	46	40
Andre renteinntekter	1	-	-
2. Renteutgifter i alt	15 615	15 402	18 211
Av innanlandsk statsgjeld	15 180	14 979	17 521
Av utanlandsk statsgjeld	435	423	690
Netto renteinntekter/ renteutgifter	- 1 430	- 639	145

Tabell 5.2 Statens eignelutar og gjeld (tal i mill. kroner)

Tekst	2000	2001	Endring
<i>Eignelutar</i>			
Bank	85 420	74 646	- 10 774
Spesielle fond og forsikringar	420 668	652 859	232 191
Verdipapir inkl. kapital i statens sjølvstendige bedrifter	52 972	69 202	16 230
Utlån og utestående fordringar	191 414	203 137	11 723
Ordinære fond	8 184	15 044	6 860
Forskot	936	916	- 20
Kapital i statsbankane	2 973	3 385	412
Fast kapital i statsbedriftene	175 856	152 691	- 23 165
Mellomrekneskapen med rekneskapsførarar	-344	- 3 310	- 2 966
Valutabyte	- 94	117	211
Statsobligasjonslån. Overkurs/underkurs	- 176	2 044	1 868
Valutakursregulering, statens utanlandsgjeld	- 1 046	- 654	392
	937 115	1 170 077	232 962
<i>Gjeld</i>			
Statsgjelda	285 925	278 692	-7 233
Kontolån frå ordinære fond	10 451	17 291	6 840
Verksemder med særskilte fullmakter	1 298	3 880	2 582
Deposita og avsettingar	14 987	20 907	5 920
Utfjerda gjeldsbrev for den ikkje betalte luten av grunnfond i statsbankene	806	0	- 806
Overførte unytta løyvingar	8 685	9 426	741
Avslutningskonto	614 963	839 881	224 918
	937 115	1 170 077	232 962

Tabell 5.3 Statens samla garantiansvar og garantiutbetalingar per 31.12.2001 (tal i 1000 kroner)

	Garantiansvar per 31.12.2000	Garantiansvar per 31.12.2001
Utanriksdepartementet	31 612	31 200
Kommunal-og regionaldepartementet	26 335 224	22 876 457
Sosial-og helsedepartementet	387 801	155 183
Nærings-og handelsdepartementet	22 625 498	24 000 935
Landbruksdepartementet	8 700	6 887
Samferdsledepartementet	1 214 486	1 308 654
Miljøverndepartementet	195 106	164 460
Finansdepartementet	8 916 869	8 596 856
Olje-og energidepartementet	3 068	1 980
Sum	61 048 134	57 142 612

6 Statens petroleumsfond

Inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond er definerte i lov 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond. Inntektene er summen av staten sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, som vert overført frå statsbudsjettet, og avkastinga på formuen i fondet. I 2001 vart petroleumsfondslova endra, slik at inntekter frå sal av aksjar i Statoil vart inntektsført i Petroleumsfondet. Utgiftene til fondet er ei årleg overføring frå fondet etter vedtak i Stortinget¹. Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomitéen ved handsaminga av loven om fondet, er det etablert som praksis at overføringa svarer til det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet. Tabellane 6.1 og 6.2 viser balansen og resultatrekneskapen for Statens petroleumsfond. Rekneskapen for fondet er ikkje ein del av statsrekneskapen, men tala vert presenterte her til orientering.

Rekneskapen for Petroleumsfondet vert ført etter dei same retningslinene som rekneskapen elles i Noregs Bank. Frå 1999 vert rekneskapen ført etter prinsippet om marknadsvardi.

I 2001 hadde Statens petroleumsfond inntekter utan omvurderingar på til saman 274 656 mill. kroner. Kontantstraumen frå petroleumsverksemda til staten utgjør den største delen av desse inntektene med 257 426 mill. kroner. Dei bokførte renteinntektene og utbyte frå selskapa i porteføljen mv. utgjorde til saman 17 230 mill. kroner i 2001. Etter vedtak i nysaldert budsjett 2001 vart det overført 409 mill. kroner frå Petroleumsfondet til statsbudsjettet i 2001. Overskotet i fondet vart dermed 274 247 mill. kroner.

Omvurderingane i rekneskapen for Statens petroleumsfond i 2001 utgjorde i alt - 41 557 mill. kroner. Av dette var 4 191 mill. kroner realiserte verdipapirtap, og 19 309 mill. kroner var urealiserte tap. Resultatet frå terminhandel i valuta og resultat frå handlar i futures-marknaden utgjorde -1 816 mill. kroner. Valutakurstapet er rekna ut til 16 243 mill. kroner. Overskotet i fondet medrekna omvurderingar i 2001 vart dermed samla 232 690 mill. kroner.

Kontantstraumen frå petroleumsverksemda og

inntektene frå salet av Statoil-aksjar fråtrukke overføringa til statsbudsjettet, utgjør netto avsetjing til fondet over statsbudsjettet. Denne netto avsetjinga var 257 017 mill. kroner i 2001. Overføringane frå statskassa til fondet vart fordelt slik:

- 10 mrd. kroner 31. januar,
- 45,4 mrd. kroner 30. mars,
- 30 mrd. kroner 31. mai,
- 60 mrd. kroner 29. juni,
- 20 mrd. kroner 31. august,
- 38 mrd. kroner 28. september og
- 48 mrd. kroner 30. november.

Av overføringa 31. januar vart 1 mrd. kroner tilført Miljøfondet, som vart oppretta same dato.

Overføringa 30. mars inneheld ei korrigering på 519 mill. kroner som var for lite overført i 2000.

Fråtrukke det for lite overførte beløp i 2000, vart det til saman overført 251 mrd. kroner netto til fondet over statsbudsjettet 2001, noko som var 6 mrd. kroner lågare enn netto avsetjing til Petroleumsfondet etter statsrekneskapen. I kapitalrekneskapen per 31. desember 2001 er denne differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa. I tråd med tidlegare praksis legg ein opp til at denne mellomrekninga vert overført saman med overføring til fondet tidleg i 2002.

Når ein korrigerer for mellomrekninga med statskassa, syner rekneskapen at den bokførte verdien av fondet ved utgangen av 2001 var på 619 335 mill. kroner. Dette svarte også til marknadsvarden, jf. at rekneskapen no vert ført til marknadsvardi.

Midlane i Petroleumsfondet vert plasserte i både renteberande verdipapir og eigenkapitalinstrument. Noregs Bank forvaltar Petroleumsfondet etter oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i forskrift og i brev til banken definert nærare retningsliner for forvaltninga. I forskrifta om forvaltninga av fondet som tok til å gjelde frå 1. januar 1998, heiter det at Finansdepartementet skal definere ein såkalla referanseportefølje som dannar grunnlaget for risikostyring. Referanseporteføljen er sett saman slik at han skal representere ein nøytral investeringsstrategi

¹ Overføringa frå fondet til statskassa vert fastsett i samband med Stortinget si handsaming av nysaldert budsjett i desember.

innanfor dei retningslinene Finansdepartementet har gitt. Vidare har Finansdepartementet fastsett ei ramme for kor mykje dei faktiske investeringane kan avvike frå referanseporteføljen, målt ved risikomålet relativ volatilitet. Relativ volatilitet er definert som det forventede standardavviket til avkastninga til den såkalla differanseporteføljen som utgjer skilnaden mellom referanseporteføljen og den faktiske porteføljen, jf. nærare omtale i St. meld. nr. 1 (1997-98) Nasjonalbudsjettet 1998. Ramma for relativ volatilitet har vore 1,5 prosentpoeng sidan målet vart innført i 1998. Referanseporteføljen er sett saman av 60 pst. renteberande verdipapir og 40 pst. eigenkapitalinstrument.

Den 6. mars 2002 offentliggjorde Noregs Bank årsrapporten for Statens petroleumsfond. Årsrapporten følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg. I dokumentasjonsdelen i den vedlagte årsrapporten for fondet er det gitt ei samla liste over fondet sine eignelutar, delt på aksjar, aksjefutureskontraktar, obligasjonar, obligasjonsfutureskontraktar, bankinnskott, tredjepartsavtaler, valutaterminkontraktar, gjenkjøps- og gjensalsavtaler og andre fordringar. For alle aksjeinvesteringane er det oppgitt namn på selskapet, marknadsverdi av aksjeposten og eigardel i selskapet. For dei andre eigenelutane er det oppgitt namn på utferdaren eller motparten og marknadsverdi av plasseringa. Alle investeringane er fordelte etter land.

Årsrapporten til Noregs Bank for Petroleumsfondet skildrar korleis den særskilde porteføljen av utanlandske verdipapir som svarer til fondet sin konto i banken, er forvalta i 2001. Den bokførte verdien av den særskilde porteføljen var 613 317 mill. kroner ved utgangen av 2001. Avkastninga på dei utanlandske investeringane i fondet vart på -2,5 pst. for heile 2001 når ein måler i utanlandsk valuta i samsvar med valutasamansetjinga til referanseporteføljen. Når ein fordeler avkastninga på aksje- og obligasjonsporteføljane, syner tala at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på -14,6 pst. medan avkastninga på obligasjonsinvesteringane utgjorde 5,0 pst. Den vekta summen av avkastninga i dei to aktivaklassane svarar ikkje nøyaktig til totalavkastninga. Årsaka er at avkatningstala av året er bygd opp ved å kjede månadlege avkastningstal for aktivitetssklassane og for totalen kvar for seg. Verdien av den norske krona styrka seg mot valuta-korga til Petroleumsfondet i 2001. Dette førte til at

fondet sine utanlandske eignelutar vart tilsvarende mindre verd målt i norske kroner. For heile året var totalavkastninga -5,3 pst. målt i norske kroner. Det er likevel avkastninga i utanlandsk valuta som er mest relevant når ein skal vurdere utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Reell avkastning målt i utanlandsk valuta er utrekna til -3,65 pst.²

Det var variasjon i avkastninga mellom kvartala i 2001, og særleg stor for aksjeporteføljen. I 1. og 3. kvartal var avkastninga for Petroleumsfondet (utan Miljøfondet) negativ med -2,77 pst. og -5,29 pst. målt i utanlandsk valuta. I 2. og 4. kvartal var avkastninga positiv med 1,09 pst. og 4,8 pst. målt i utanlandsk valuta.

